




# Viltet i Sveio

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane



Sveio kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2007

Fylkesmannen i Hordaland

**Miljøvern**avdelinga

MVA-rapport 3/2007



# Viltet i Sveio

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane

Sveio kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2007

MVA-rapport 3/2007



<b>Ansvarlege institusjonar og finansiering:</b> Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 3/2007	
<b>Tittel:</b> Viltet i Sveio. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-059-2	
<b>Forfattarar:</b> Magnus Johan Steinsvåg og Olav Overvoll	<b>Tal sider:</b> 51 + vedlegg	
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Geir Ragnhildstveit, rådgjevar	<b>Dato:</b> 14.02.2007	
<b>Samandrag:</b> På initiativ frå fylkesmannen i Hordaland har Sveio kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde. Målet med kartlegginga har vore å gi kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen. Viltkartverket omfattar alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle artar innan gruppene amfibium, krypdyr, fuglar og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Når det gjeld småviltet er det lagt særleg vekt på truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle habitatkrav. Alle kartdata finst på digital form, slik at kommunen kan framstille kart etter eige behov. Ved plotting er det vanleg å dele viltopplysningane på fire temakart: 1) hjortevilt, 2) småvilt, 3) opplysningar unnateke offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige og svært viktige viltområde). Av desse vil oversikta over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste kartet i overordna plansamheng. Dette kartet er vedlagt rapporten, saman med to kart som viser viktige område og trekkvegar for hjortevilt. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvaltning, litt om korleis kartlegginga i Sveio har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen. Det foreslått 33 prioriterte viltområde i Sveio; 12 svært viktig og 21 viktige. Det er registrert 248 viltartar i kommunen: 3 amfibium, 2 krypdyr, 221 fugleartar og 21 pattedyrartar. Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet er difor ikkje fullstendig. Situasjonen for viltet kan òg endre seg over tid, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det vil vere nødvendig å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.		
<b>Referanse:</b> Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2007. Viltet i Sveio. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Sveio kommune og fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2007: 51 s. + vedlegg.		
<b>Emneord:</b> Viltkartlegging, Sveio, biologi, zoologi, vilt, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr		
Sveio kommune Postboks 40 5559 Sveio  Tlf: 53 74 80 00, Faks: 53 74 80 01  www.sveio.kommune.no	Norsk Viltkompetanse Magnus Johan Steinsvåg Aslaksbrekko 14 5416 Stord  Tlf: 97121960  www.norskviltkompetanse.no	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen  Tlf: 55 57 22 00, Faks: 55 57 22 01  www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland



## FORORD

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling* er det sett som mål at alle kommunar i Noreg skal gjennomføra kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald på sitt areal. Tanken bak dette er at me må vita kva verdiar me har for å kunne ta vare på dei. At kartlegginga skal skje på kommunalt nivå, er òg eit viktig moment fordi ein stor og viktig del av arealplanlegginga skjer i kommunane. Kommunane si rolle er òg framheva i Stortingsmelding nr. 31 (1992-93) *Den regionale planlegginga og arealpolitikken* der det står at kommunane sjølve må innarbeide omsynet til det biologiske mangfaldet i eiga planlegging og verksemd.

I 2003 vedtok Stortinget at Noreg skal stansa tapet av biologisk mangfald innan 2010. Dette er ei oppfølging av eit vedtak som vart gjort under FN sin konferanse om miljø og utvikling i Johannesburg i 2002. Der vart det avgjort at tapet av biologisk mangfald skulle reduserast vesentleg innan 2010. Denne målsetjinga har gjeve arbeidet med å kartleggja og ta omsyn til viktige naturverdiar endå større aktualitet.

Viltkartlegginga er ein viktig del av arbeidet med å få betre oversikt over det biologiske mangfaldet i Sveio. Kommunen har òg gjennomført ei kartlegging av viktige naturtypar, der me først og fremst har vektlagt botaniske verdiar.

Viltkartlegginga har vore eit spleiselag mellom kommunen og Fylkesmannen. Konsulent Magnus Johan Steinsvåg vart hyra til å samanstill eksisterande kunnskap om viltet og å gjera nye feltundersøkingar. Ein god del av viltopplysningane er samla inn gjennom intervju av lokale ressurspersonar med god kjennskap til lokale vilttilhøve. Me ynskjer å rette ei stor takk til alle informantar!

Viltkarta er digitaliserte ved miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland, som òg har stått for den endelege utforminga av rapporten.

Me vonar viltkartlegginga kjem til nytte i den kommunale arealplanlegginga og at både kommunen, private grunneigarar og utbyggjarar ser på opplysningane som eit grunnlag for og kunna å ta omsyn, og ikkje som eit hinder for næringsverksemd. Dei avmerkete viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam" plakat, der me ynskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Det er òg eit ynskje at viltrapporten skal vera med på å auka kunnskapen og interessa for viltet både blant politikarar, kommunalt tilsette og kommunen sine innbyggjarar elles.

Sveio, 1. februar 2007

Geir Ragnhildstveit  
rådgjevar





# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>5</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
BAKGRUNN.....	9
LOVGRUNNLAG.....	9
INTERNASJONALE AVTALAR.....	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT.....	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR.....	10
<b>2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART</b> .....	<b>11</b>
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING.....	11
KVA SKAL KARTLEGGAST?.....	11
UTFORMING AV VILTKARTVERKET.....	11
KORLEIS BRUKE VILTKARTA?.....	12
VILTRAPPORTEN.....	12
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET.....	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA.....	12
<b>3. METODIKK FOR ARBEIDET I SVEIO</b> .....	<b>13</b>
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET.....	13
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	13
KARTFRAMSTILLING.....	13
INFORMANTAR.....	13
<b>4. NATURGRUNNLAGET</b> .....	<b>14</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK.....	14
LANDSKAP OG GEOLOGI.....	14
KLIMA.....	14
VIKTIGE NATURTYPAR FOR VILTET.....	14
<b>5. PRIORITERTE VILTOMRÅDE I SVEIO</b> .....	<b>18</b>
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	18
VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	19
NATURRESERVAT I SVEIO.....	22
VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT.....	23
<b>6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I SVEIO</b> .....	<b>24</b>
RAUDLISTER.....	24
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET.....	24
<b>7. STATUS FOR VILTET I SVEIO</b> .....	<b>27</b>
AMFIBIUM.....	27
KRYPDYR.....	27
FUGLAR.....	27
PATTEDYR.....	43
<b>8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?</b> .....	<b>47</b>
<b>9. KONFLIKTAR MELLOM VILTET OG VÅR EIGEN NATURBRUK</b> .....	<b>48</b>
SKOGBRUK.....	48
JORDBRUK.....	48
FRILUFTSLIV OG FERDSEL.....	49
JAKT.....	49
FAUNAKRIMINALITET.....	49
NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE.....	49
VEGAR.....	49
VASSDRAGSREGULERING.....	50
KRAFTLEIDNINGAR.....	50
AVFALL.....	50
FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR.....	50
<b>10. LITTERATUR</b> .....	<b>51</b>
<b>VEDLEGG I. ARTSLISTE</b> .....	<b>53</b>
<b>VEDLEGG II. KART</b> .....	<b>59</b>



# 1. INNLEIING

## BAKGRUNN

Naturområda blir i aukande grad utsett for inn-grep av ulike slag. Bygging av bustadområde, næringsområde og infrastruktur utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig også å integrere viltinteressene i plan-arbeidet. Bakgrunnen for å kartlegge viktige vilt-område er eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, først og fremst på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt og nasjo-nalt nivå. Dei offentlege brukarane av viltkarta vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturfor-valtning. Men kartverket vil òg vere tilgjengeleg for t.d. konsulentar i samband med konsekvens-utgreiningar og private reguleringsplanar.

Det er òg eit ønskje at viltkartverket skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av ein-sidig foku-sering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og kryp-dyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltom-grepet (jamfør viltlova sin § 2). Det er ikkje øko-nomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn mein-er det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkveggar for hjort, hekke-plassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjø-fuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslie med gammal skog, eldre ospesholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av truga og sårbare artar står sjølvstøtt òg sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanleg-ginga.

## LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leve-område er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at omsynet til viltinteressene skal innpassast i arealplanlegginga i kommune og fylke. Innpassing av viltinte-ressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i

det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjons-område må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei nødvendige omsyn.

- *Plan- og bygningslova* av 1985 pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* av 1965 legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvalt-ings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verke-middel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftsløva* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsl i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, bruka-rar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsl i skog og mark.
- *Fjellova* regulerer bruken som nokre grupper har rett til på statens grunn. Fjellstyra skal administrere desse rettane på ein slik måte at det fremjar næringslivet i bygda, og samstundes tek vare på naturvern- og friluftslivsinteres-sene. Men fjellova er ikkje ei forvaltningslov for naturvern og friluftsliv.
- *Lov om motorferdsl i utmark* av 1977 har som utgangs-punkt at motorisert ferdsl i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsl i "utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

## INTERNASJONALE AVTALAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslut-ning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Inter-nasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad. Dei viktigaste internasjonale avtalene med relevans for viltet er:

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområ-de, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med truga og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne euro-peiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av truga og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identi-fisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for be-kræftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokon-vensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig år-sak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

I 2002, ti år etter Riokonvensjonen, vart det halde ein oppfølgingskonferanse i Johannesburg

(WSSD – World Summit on Sustainable Development). Her vart det vedtatt at tapet av biologisk mangfald skal reduserast vesentleg innan 2001. Som ei oppfølging av dette vedtok Stortinget i 2003 at tapet av biologisk mangfald i Noreg skal stansast innan år 2010. EU har vedtatt det same for sitt område.

## ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning
- St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- St.meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

## KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

*Økonomiske og materielle argument:* Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan mange artar truleg bli viktige for oss i framtida. Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det nesten alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskte. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere viktig som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

*Kulturelle og estetiske argument:* Storviltjakt kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsinteresserte er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Sjølv om særinteressene er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

*Etiske argument:* Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Artane på jorda har ei svært lang utviklingshistorie (evolusjonshistorie), noko som kan forsvare synspunktet om at alle artar har eigenverdi. Kunnskap om dyr og plantar si utviklingshistorie gir oss òg eit ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

## 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

### PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønssehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km<sup>2</sup>. Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familieguppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Einslege hanngaurer kan ha leveområde på opptil 1500 km<sup>2</sup>.

I tillegg til ein art si økologiske nisje, er det først og fremst næringstilgangen som bestemmer storleiken på leveområdet. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast (DN 1996). Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Spelplassar for storfugl (og orrfugl dersom dei har høgt tal fuglar og er velavgrensa, t.d. ei myr).
- Viktige funksjonsområde for spettar ("spettelier"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Viktige funksjonsområde for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintingsområde).
- Viktige funksjonsområde for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rast-ing eller overvintring).
- Amfibiar: Leveområde for stor salamander og særleg viktige yngleområde for frosk og padde.
- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkvegar for hjort og eventuelt elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan føre til næringsmangel.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spelplassar. Men det er verre å avgrense ein art sitt leveområde,

og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønssehauk, storfugl og kvittryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og lette å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig interesse.

### UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverkty og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på *eit* kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneheld for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktige beiteområde og trekkvegar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynleg at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fugleartar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibium kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unnateke offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmenn kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfuglartar og spelplassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinnrep.

4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å

trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

#### **Svært viktige viltområde**

Dette er område som ut frå artsførekomst og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Det bør ikkje gjerast tekniske inngrep som fører til stor reduksjon av områda sin verdi for viltet. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar (også større friluftaktivitetar) er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå og blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

#### **Viktige viltområde**

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein, jf. Viltlova, å ta normale omsyn til viltet!

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. kantskog mot kulturmark og langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar for viltet.

### **KORLEIS BRUKE VILTKARTA?**

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvaltning. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

I mange tilfelle vil det vere nødvendig med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere nødvendig med supplerande undersøkingar.

### **VILTRAPPORTEN**

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

### **BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET**

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som er tilgjengeleg over internett ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)).

### **OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA**

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopplysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og det er viktig å vere klar over at resultatet ikkje er fullstendig. Ved kartfestinga er det gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil bli betre over tid.

### 3. METODIKK FOR ARBEIDET I SVEIO

#### STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltkartlegginga har blitt gjennomført i 2005 og 2006. Konsulent og prosjektansvarleg har vore Magnus Johan Steinsvåg, Norsk Viltkompetanse. Geir Ragnhildstveit har vore kommunalt prosjektansvarleg.

Undervegs i arbeidet har ein hatt nær kontakt med viltansvarleg i Sveio kommune, Dagfinn Fagerland Bjørge, og dessutan grunneigarar, lokale medlemmar i Norsk Ornitologisk Forening, jakt- og fiskelag og andre naturinteresserte ressurspersonar.

#### INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av viltkartleggjar. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved Fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Intervju med ansvarlege for hjortevald og andre med kunnskapar og interesser for viltet i kommunen
- Tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar

Artslista er utarbeidd av Magnus J. Steinsvåg og Fylkesmannen si miljøvernavdeling, på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Mykje opplysningar er funne ved gjennomgang av "Krompen", Norsk Ornitologisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

#### KARTFRAMSTILLING

Kartgrunnlaget for lokalisering og områdeavgrensing har vore kart i målestokk 1:50 000. Framstilling av viltkarta er gjort av fylkesmannen si miljøvernavdeling, etter manuskart utarbeidd av viltkartleggjar.

Den generelle metoden for kartframstilling er nærare skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved samveging av konkrete artsopplysningar. Denne metoden er ikkje brukt i Sveio eller andre kommunar i Hordaland. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

#### INFORMANTAR

Mykje informasjon har kome fram gjennom intervju og opplysningar frå lokalkjende i kommunen. Ei rekkje personar fortener takk for nyttige opplysningar:

Dagfinn F. Bjørge (Sveio), Dag Brynjelsen (Haugesund), Sveinung Askeland (Sveio), Arne Erdalsdal (Sveio), Jarle Erdalsdal (Sveio), Olav Haugland (Haugesund), Arvid Helvik (Sveio), Odd W. Jacobsen (Bergen), Jostein Kjærandsen (Sveio), Knut Audun Knutsen (Sveio), Jarle S. Kvalvågen (Sveio), Karl Otto Mikkelsen (Sveio), Bjørn Møllerhaug (Sveio), Kjetil Nilsen (Sveio), Johannes Norman (Sveio), Jan Rabben (Stord), Geir Ragnhildstveit (Sveio), Magne H. Sleire (Masfjorden), Oddmund Svartveit (Sveio), Svein Magnus Tveit (Sveio), Tore Wiers (Vaksdal), Egil Økland (Sveio).



Ein viktig del av viltkartlegginga er intervju av lokale ressurspersonar. Ein av ressurspersonane i Sveio er tidlegare leiar i viltnemnda, Arne Erdalsdal. Her er han på veg for å undersøke ein kattuglekasse ved Vigdarvatnet. Viltområde kan òg vere viktige rekreasjonsområde for befolkninga i kommunen. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## 4. NATURGRUNNLAGET

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Sveio kommune ligg heilt sørvest i Hordaland på grensa til Rogaland fylke (sjå omslagsside). Kommunen er ei halvøy og grensar til Bømlafjorden i vest og Ålfjorden i aust. Nabokommunar er Haugesund og Tysvær i sør (Rogaland), Bømlo i vest, Stord i nord og Ølen/Vindafjord (Rogaland) i aust.

Kommunen sitt landareal inkl. ferskvatn er 247 km<sup>2</sup>. Av dette er omlag 8% jordbruksareal, 45% skog, 33% lynghei og grunnlendt mark, 4% myr og 9% ferskvatn (NIJOS 2002, sjå Kart 1 bak i rapporten). Det meste av lyngheiarealet har gått ut av drift og gror til med skog, så arealet av skog er aukande.

Pr. 1/1-2005 hadde Sveio kommune 4 672 innbyggjarar. Dei største tettstadene er kommunesenteret Sveio, Førde og Valevåg.

### LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Sveio er kupert, med slake åsryggar og runde former, men endrar seg ein del nord-sør. Høgder over 200 m må ein nord for midten av kommunen for å finna. Emberlandsnipa (271 m o.h.) er eit kjent landemerke, men høgaste punkt er Trollevassnibba (432 m o.h.) i den nordaustlege delen av kommunen. Mot sør og vest blir landskapet meir småkupert og myrlendt med lågare åsar og kollar.

Berggrunnen i Sveio består mest av sure gneisar, men enkelte stader ligg det meir lettforvitrande fyllitt over gneisen, slik som ved Førdespollen og i eit belte frå Valestrand til Tittelsnes.

Den sure berggrunnen gjer at det mange stader er tynnt jorddekke og mykje fjell i dagen, særleg i den vest- og sørvestlege delen av kommunen. Det er også i denne delen av kommunen at lyngheilandskapet er mest iaugnefallande, og lengst sør i kommunen går lyngheiområda tvers over heile kommunen. I aust og nordaust er åsar kledde med furuskog det dominerande landskapsbildet.

### KLIMA

Sveio har eit oseanisk klima med relativt høg årsnedbør kombinert med milde vintrar og kjølege somrar. Nedbøren i dei ytre kystkommunane er likevel lågare enn lenger inne, der den fuktige lufta møter høgare fjell. Årsnedbøren ved målestasjonen ved Sveio sentrum er omlag 1840 mm og på Straumøy 1670 mm (www.met.no). Det meste av nedbøren kjem normalt om hausten, og september er mest nedbørsrike månad. På Sveio er middeltempe-

ratur for kaldaste månad (februar) ca. 1 °C og for varmaste månad (juli og august) ca. 14 °C. Det milde klimaet fører til nesten snøfrie vintrar, og det som fell av snø ligg normalt berre i korte periodar.

### VIKTIGE NATURTYPAR FOR VILTET

Skog er den naturtypen som dekker størst areal i Sveio (Kart 1). Ca. halvparten av kommunen er skogdekt, men skogarealet aukar no på bekostning av lynghei og anna beitemark. 85% av skogen er furuskog og furudominert blandingskog (inkludert i barskogsarealet er også litt planta gran, omlag 15% av det produktive skogarealet) og 15% er lauvskog. Alle dei arealkrevjande viltartane i Sveio er knytt til skog. Dei mest typiske er hønehauk, storfugl, kvitryggspett, gråspett og hjort. Hønehauk og storfugl er typiske barskogsartar. For spetteartane er innslag av lauvtre viktig, og særleg gråspetten er avhengig av tilgang på osp.

Gammal skog i økologisk forstand finst ikkje i Sveio. Som elles på Vestlandet har skogen blitt kraftig utnytta, og verkeleg gamle tre er sjeldne. Dei eldste trea er truleg relativt små furuer på myr og skrinn mark som har fått stå fordi dei har hatt liten økonomisk verdi. Mykje av furuskogen har truleg ein alder på 100-150 år, sjølv om enkelte tre kan nok vere eldre. Truleg er det snakk om første generasjon skog på areal som tidlegare har vore skoglause grunna intensiv utnytting. I slik skog er førekomsten av ståande og liggande død ved mykje lågare enn i skog som er urørt av hogst, og innslaget av eldre lauvtre er òg sparsamt. Mykje einer i busksjiktet er truleg òg eit teikn på at skogen er relativt ung.

I dei vestlege og sørlege delane av kommunen er lynghei i mosaikk med myrområde framleis den dominerande naturtypen. Dette er i hovudsak ein kulturskapt naturtype, kanskje med unntak av dei mest vindeksponerte områda. Mange stader er lyngheia no i ferd med å gro att fordi dei ikkje lenger blir utnytta. Attgroing av lyngheiane er truleg ei viktig årsak til at orrfuglbestanden i Sveio er på retur. Elles er lyngheiane ein relativt fattig naturtype og få viltartar er direkte knytt til desse områda. Den mest karakteristiske arten er heipiplerka, men denne hekkar også svært vanleg i fjellet i innlandet. Jordbruksareal dekker ca. 8 % av landarealet i Sveio. Dette er meir enn dei fleste andre kommunane i Hordaland. Dei fleste viltartane ein ser i kulturlandskapet er primært knytte til andre naturtypar, særleg skog, men for nokre artar er kulturlandskapet ein viktig primærbiotop i dag



fordi den opphavlege naturtypen dei var knytte til er borte. Dei kanskje mest typiske døma er åkerrikse, vipe og storspove. Alle desse artane minkar i tal grunna omleggingar i landbruket til meir intensiv drift på innmarksareala og atgroing av grasdominert beitemark.

Ferskvatn dekker berre ca. 9 % av kommunen. Likevel er dette ein viktig naturtype for viltet i Sveio. Dei fleste av dei 282 vatna i kommunen ligg berre 5-10 m o.h. eller lågare. Dette gjer at

dei frå naturen si side er næringsrike, i tillegg er mange av dei påverka av tilsig av næringsstoff frå landbruket. God produksjon av både plantar og insekt i kombinasjon med både sumpområde og frodig vegetasjon som gir godt skjul langs vassbreidda, gjer at mange av vatna i Sveio har eit rikt fugleliv. Heile seks av dei 21 våtmarksreservata i Hordaland ligg i Sveio. Det er særleg andefuglar og ein del sporvefuglar som er knytt til slike område.

## Sveio – våtmarkskommunen i Hordaland

Med sine mange næringsrike vatn og våtmarkar kan Sveio trygt kallast "våtmarkskommunen" i Hordaland. Av dei 21 våtmarksreservata i fylket ligg seks i Sveio. Særleg den sørvestre delen av kommunen har mange vatn og tjørn. Samstundes er landskapet relativt flatt, slik at vatnet renn sakte gjennom området. Våtmarkane ligg òg ofte omgitt av jordbrukslandskap, og tilførsle av næringsstoff frå jordbruket pregar ofte våtmarkene (Helland-Hansen 2005). Frodig kantvegetasjon, ofte med takrøyr, og breie flytebladsoner er typisk for slike næringsrike vatn. Frodig kantvegetasjon gir godt skjul for fuglane og samstundes fører tilsig av næringsstoff til god produksjon av beiteplantar, insekt og andre virvellause dyr. Våtmarkane er dermed ein viktig biotop for mange ulike fugleartar. Mange andefuglar, vadefuglar, rikser og sporvefuglar er knytt til slike område. For nokre artar er våtmarkane viktige hekkeområde, andre brukar våtmarkane som overvintringsområde, medan andre igjen berre stikk innom i korte periodar under trekket. Dei vanlegaste andefuglane i Sveio sine våtmarkar er stokkand og krikkand. Toppanda er ofte å sjå, og sjølv om brunnakken ikkje er direkte vanleg har Sveio truleg den største hekkebestanden av denne arten i Hordaland. Feire andefuglar kjem innom og nyttar våtmarkene som rasteplass i trekktida og om vinteren. Blant riksefuglane er vannrikse og myrrikse er sannsynlege hekkefuglar, og vannriksa nyttar våtmarksområde med tett kantvegetasjon som rasteplass vinterstid. Sothøna er funnen hekkande og både denne arten og sivhøne sjåast av og til utanfor hekketida. Blandt hekkande vadefuglar er enkeltbekkasinen knytt til myr og fuglik kulturmark ved våtmarkane, andre artar som storspove, vipe og tjeld nyttar ofte dei meir opne områda i kulturlandskapet rundt. Blant sporvefuglane er særleg svaler, stare og linerle kjent for å nytte takrøyrskogar som kollektiv overmattingsplass i trekkeperiodane. I takrøyrskogen og annan tett kantvegetasjon har artar som sivspurv og sivsongar hekkeplass. Også dei sjeldnare songarane som røyrsongar, grashoppesongar og gulsongar vert registrert år om anna i slike takrøyrskogar, og Sveio har det einaste funnat av trastesongar i Hordaland. Ei rekkje andre insektetand sporvefuglar nyttar våtmarkane som spiskammers både i hekketida og under trekket.



Brunnakkepar blant takrøyr på Bjellandsvatnet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.





Nord i Sveio dominerer ganske store, kuperte furuskogsområde. Bildet viser eit parti frå brannfeltet ved Hopsfjellet slik det såg ut i 2004. Området er i dag verna som naturreservat for at den vidare utviklinga (suksesjonen) skal få gå sin gang, utan menneskelege inngrep. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Sørvest og sør i Sveio er det store område med skrinngheier og grasmark. Bildet er tatt nord for Mølstrevåg. Desse områda er relativt artsfattige, også når det gjeld viltartar. Den vanlegaste fuglearten er nok heipiplerka. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.





*Bjellandsvatnet naturreservat våren 2004. Næringstilførsle frå landbruket m.v. fører til at mange av våtmarkane i Sveio har rik vassvegetasjon og kantvegetasjon. Moderat beiting er sjeldan noko problem i forhold til fuglelivet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.*



*Landskap ved Vigdarvatnet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.*

## 5. PRIORITERTE VILTOMRÅDE I SVEIO

Gjennom viltkartlegginga i Sveio er det foreslått 33 prioriterte viltområde (Kart 2): 12 svært viktige (inkl. tre naturreservat) og 21 viktige (inkl. tre naturreservat). Blant desse er det åtte større og to mindre skogområde, 22 våtmarksområde og ein holme (sjøfugl). I tillegg er det merka av to større lyngheiområde som *kan* vere viktige, men der ein har for lite opplysningar til å konkludere. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenumra på viltkartet (Kart 2).

### SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### 1. Kvermaneset - Storåsen

Furuskogområde mot Bømlafjorden, vest for Valestrand. Delar av skogen er gamal og ligg på høg bonitet, og det er innslag av og død ved og lauvtre som osp. Kvitryggspett vart observert sommaren 2004 og hekkar truleg. Dette er eit viktig område for havørn, truleg òg for hønsehauk. Varslande hønsehauk vart observert under feltarbeidet i 2004, men det vart ikkje funne reir.

#### 2. Eiklandsneset


Området omfattar eit område med eldre furuskog rundt Storavatnet og på Eiklandsneset, nord for Eikeland. Furuskogen er av varierende alder og står på høg bonitet. Dette er eit viktig område for hønsehauk, men ut over dette har ein lite data frå området. At hønsehauken er raudlista som sårbar, og dessutan er såpass fåtalig, er likevel nok til å vurdere området som svært viktig. Storavatnet har truleg lokal verdi som raste- og hekkeområde for andefuglar.

#### 3. Doksen - Hopsfjellet

Området omfattar skogområda rundt Doksen i vest og Hopsfjellet i aust. Kupert furuskogsområde med innslag av tjørn og myrar. Skogen har stadvis bra innslag av lauvtre og ståande død ved, og er difor ein viktig spettebiotop. Kvitryggspett vart observert under feltarbeidet både i 2004 og 2005. Ein tiurleik er kjent frå området, men status for denne i dag er ukjent (om den framleis er intakt og ev. kor stor den er). Eit eldre havørnreir er kartfesta. Det er nokre år sidan dette har vore i bruk, men vaksen fugl vart observert under feltarbeidet, så det finst truleg alternative reir innan området. Musvåk vart påvist som hekkfugl sommaren 2003 og har vore årvisst i området dei siste åra.

I dette viltområdet ligg Hopsfjellet naturreservat som vart oppretta etter den store skogbrannen i 1992. Mengder av død ved vil her vere ein viktig ressurs for trelevande insekt og truleg også for spetter i lang tid framover. Det er truleg likevel den intakte skogen på høge bonitetar utanfor det

brente området som har størst verdi for viltet i dag, fordi store delar av brannfeltet framleis er relativt ope.



*Sjølv om skogen i Sveio jamt over ikkje er så gamal, finst det ei og anna grov furu som truleg er meir enn 200 år. Denne står ein stad i område 3. Foto: Heine Hidle.*

#### 4. Vardafjellet

Område med eldre furuskog aust for Førde. Omfattar heile området mellom Røykenes, Førde og vegen mot Bulvik ved Ålfjorden. Topografien er kupert og området er til dels vanskeleg å ta seg fram i. Området er hekkeplass for havørn. Godt innslag av død ved og lauvtre gjer området aktuelt som spettebiotop. Kvitryggspett skal ha blitt funnen hekkande og dvergspett vart observert under feltarbeidet i 2004. Området er òg leveområde for storfugl, og tidlegare undersøkingar har påvist både spelande storfugl og kull. Ei skogsnipe vart observert ved Banddalstjørn i august 2002 (Jostein Kjærandsen), men dette dreier seg truleg om fugl på returtrekk. I 2006 kom det inn opplysningar om funn av storsalamander i ei tjørn i området. Dette er interessant, fordi funnet er frå ein del av kommunen der storsalamander ikkje er registrert før.

#### 5. Sætraklubben

Ganske stort furuskogsområde nord og aust for Rød. Stadvis ganske gammal skog og god bonitet. Hønsehauk hekkar i området. Gråspett skal



ha hekka ved Sætre. Det skal vere registrert ein storfugleik i området, men det er usikkert om denne framleis er intakt.

#### 7. Nordskogvatnet

Næringsrikt vatn ved Nordskog, omlag to km nord for Sveio. Vatnet har takrøyrfelt og grensar mot attgroande lyngmark og beitemark med mykje bjørk. Dei viktigaste viltverdiane er truleg knytt til ein stor og tett førekomst av smal dunkjevle i nordenden av vatnet, ein plante som på same måte som takrøyr, gir godt skjul. Lokaliteten er sannsynleg hekkeområde for vannrikse (m.a. vart eit syngande individ registrert 26/6-1999) og har sannsynleg funksjon som rasteområde for arten vinterstid. Sommaren 2006 vart ein vaksen dvergdykkar med ungar observert i nordenden av vatnet (Jan Rabben). Dette er det einaste hekkefunnet av dvergdykkar i Sveio. Elles er vadefuglar som tjeld, vipe, strandsnipe, enkeltbekkasin og raudstilk er påvist hekkande ved vatnet og i det tilgrensande kulturlandskapet. Vatnet er òg hekke- og rasteområde for andefuglar, m.a. har brunnakke har hekka ved vatnet. Også Hekkeområde for sivsongar og sivsporv.

#### 10. Sveio sentrum

Yngle- og leveområde for storsalamander. Lokaliteten ligg like bak skulen og idrettsplassen i Sveio sentrum. Området består av eit nokså skrint, fuktig skog- og myrområde med fleire "vasspyttar". Utbygging av parkeringsplass og idrettsplass har reduserte leveområdet for salamanderen, og det er planar om ytterlegare utbygging. Det blir arbeidd med løysingar som både gir rom både for salamanderen og utviding av idrettsplassen.

#### 11. Dam ved kyrkjegarden

Dam med storsalamander like ved gravplassen i Sveio sentrum.



Både dammane bak kommunehuset (bildet) og Kyrkjegardsdammen er prega av attgroing. Ein bør sørge for at dei ikkje gror heilt til ved å rydde av og til, men vegetasjon på land bør få utvikle seg naturleg. Foto: M.J. Steinsvåg.

#### 12. Skorpeneset

Furuskogsområde med hekkande hønsehauk på autsida av Vigdarvatnet, Sør for Sveio. Det er tre kjende alternative reir for hønsehauk i her. Fordi hønsehauken er fåtalig og raudlista som sårbar (VU), blir området vurdert som svært viktig.

### VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### 13. Bjørga - Tittelsnes (Trollavassnipa)

Området omfattar skogområdet nord og vest for Trollavassnipa, lengst nord i kommunen. Området består i hovudsak av furuskog, relativt gammal skog og bra innslag av lauvtre og ståande døde tre. Ein har sparsamt med data frå området, men kvalitetane er mykje dei same som i omr. 3 Doksen-Hopsfjellet. Eit spetteområde er registrert ved Bjørga, søraust i området, men store delar av området må reknast som lovande spettebiotop. Det finst ganske sikkert minst ein tiurleik i området, og det bør òg vere plass til ein hekkelokalitet for hønsehauk her. Området bør undersøkast nærmare, og dersom nokre av dei antatte artsførekomstane blir påviste vil verdien bli oppjustert til svært viktig. Ei utviding av området mot sør og samanslåing med område 3 bør òg vurderast.

Storsalamander er funne i eit tjørn nær Trollavassnipa, men førekomsten er svært lokal og ikkje knytt til den skogkledde delen av området, og har difor ikkje vore avgjerande for verdivurderinga av området.

#### 14. Hjartholmen

Holme i Bømlafjorden, nord for Økland. Kan truleg framleis reknast som den viktigaste hekkelokaliteten for sjøfugl i Sveio, sjølv om det har hekka lite fugl her dei siste åra (dette kan snu seg igjen). Ei inventering i 1997 viste 50 par gråmåse, 20 par sildemåse, 7-8 par svartbak og 3 par fiskemåse (Byrkjeland 1999) – talet på par er rekna ut frå tal individ. I 2005 hekka det berre 20 par svartbak her. Holmen er òg truleg hekkeplass for 1-2 par grågås.

#### 15. Mjånes

Område med lauvskog sør for vegen mellom Birkeland og Mjånes. Hekkeområde for gråspett. Må truleg sjåast i samheng med område 2 Eikelandsneset, like nord for lokaliteten.

#### 17. Kinnavatnet

Våtmarksområde aust i Kinnavatnet, nord for Kinn mot Emberland. Denne delen av vatnet har frodig kantvegetasjon og er hekkeområde for sivsporv og sivsongar. Vinteropphaldsområde for vannrikse. Sannsynleg hekkeområde for raudstilk i tilknytning til vatnet.

### 18. Lauvåsvatnet

Vatnet ligg nord for Lauvås, ca. 4 km nord for Sveio. Grunt vatn omgitt av lynghei, beitemark og lauvskog. Mogleg hekkeområde for vannrikse som er registrert fleire gonger i hekketida. Rasteområde for songsvane vinterstid. Det er rik vegetasjon rundt vatnet, noko som gjer lokaliteten sannsynleg hekkestad for artar som sivsongar og sivsporv.

### 19. Krokavatnet ved Nordskog

Tjørn med takrøyr omgitt av lyngmark og enkeltstående lauvtre. Mogleg hekkeområde for myrrikse, ettersom fleire individ har blitt høyrte ropande i hekketida (Jostein Kjærandsen pers. medd.). Hekkeområde for sivsongar og sivsporv.

### 21. Tjørn sør for Eltravåg

Lokaliteten ligg like nord for Storavatnet i Eltravåg, og er omgitt av lauvskog og beitemark. Hekkeområde for brunnakke, stokkand og truleg krikkand. Rasteområde for andefugl. Tjørnet blir ofte seint islagt og er ofte rasteplass for songsvane vinterstid. Sannsynleg hekkeområde for m.a. sivsongar, ettersom det er takrøyr i tjørnet.

### 22. Rødvatnet

Omfattar sørenden av Rødvatnet og våtmarka sørover. Frodig takrøyrvegetasjon. Hekkeområde for sivsongar, mogleg hekkeområde for røyrsongar og grashoppesongar som begge er observert her. Mogleg hekkeområde og sannsynleg rasteområde for vannrikse.

### 23. Skogområde rundt Liervatnet og Sagvatnet

Større furuskogsområde rundt Liervatnet og Sagvatnet, nord for Erve. Dokumentasjonen frå området er dårleg, men området har dei same kvalitetane som dei andre større skogområda i Sveio. Sannsynleg leveområde for storfugl og spetter og sannsynleg hekkeområde for hønhauk. Ei grundigare undersøking av dette området bør ha høg prioritet i ei oppfølgjande kartlegging av viltområde i Sveio. Dette gjeld også områda som strekkjer seg nordvestover mot Baståsen og nordover mot Førde.

Liervatnet er i hovudsak viktig som hekkeområde for storlom. Arten har hatt fast tilhald her i mange år, men det er uvisst kor vellykka dei siste hekkingane har vore, ettersom svartbak skal ha tatt egg og ungar. Vatnet har elles truleg lokal verdi som hekke- og rasteområde for andre andefuglar. Storlom er også observert på Sagvatnet, men her er det ikkje påvist hekking.

### 24. Haukåsvatnet/Nesavatnet

Haukåsvatnet heng saman med Nesevatnet, men det er den nordvestlege "tarmen", Haukåsvatnet, som er viktigast for våtmarksfugl. Denne vart vurdert som aktuell lokalitet for vern i

samband med verneplan for våtmark i 1991 (Fylkesmannen i Hordaland 1991). Det er godt utvikla vegetasjonsbelte rundt vatnet. Det er elles omkransa av både lauvskog og barskog, lynghei og noko beitemark. Vatnet er hekke- og rasteområde for andefugl. Både stokkand, krikkand, brunnakke og siland hekkar ved vatnet og meir sjeldne artar som bergand og taffeland er observert haust og vinter. Horndykkar vart påvist hekkande her i 1979, det første hekkefunnet i Hordaland. Etter dette var arten fast hekkefugl til ut på 1990-talet.

### 25. Bråtveittjørna

Rik kulturlandskapssjø omgitt av bjørkeskog like nord for Dyngjatjørna og Vardavatnet. Frodig kantvegetasjon m.a. med takrøyr gjer at lokaliteten har mykje av dei same kvalitetane som Dyngjatjørna og Vardavatnet. Stokkand, krikkand, brunnakke, toppand og kvinand er observert i hekkesesongen. Sivsongar og sivsporv er sannsynlege hekkefuglar og vannrikse rastar her truleg vinterstid.

### 26. Dyngetjørna og Vardavatnet

Lokaliteten omfattar Dyngetjørna, Vardavatnet og Rotatjørna og våtmarksområdet rundt. Lokaliteten vart vurdert for vern under arbeidet med verneplan for våtmark i 1991 (Fylkesmannen i Hordaland 1991), men vart ikkje verna.

Dei tre tjørna er nokså ulike. Rotatjørn, lengst nord, er nesten heilt attgrodd med takrøyr. Vardavatnet og Dyngetjørn har meir open vassflate, men særleg Dyngetjørn har ein del takrøyr i austre og vestre del. Rundt tjørna er det lynghei, myr beitemark og noko dyrka mark (Fylkesmannen i Hordaland 1991).

Lokaliteten er viktig raste- og beiteområde for andefugl, særleg toppand og kvinand på vårtrekket. Men lokaliteten er kanskje først og fremst viktig som hekkeområde. I 1991 hadde lokaliteten høg tettleik av hekkande andefuglar (FMHO 1991). Dei hekkande artane er stokkand, krikkand, brunnakke og toppand.

Takrøyrvegetasjonen er hekkehabitat for sporvefuglar knytt til våtmark og sivsongar og sivsporv er vanlege hekkefuglar. Røyrsongarar vart påvist hekkande i 1988. Også mogleg hekkeområde for myrrikse og vannrikse, som skal vere observert her fleire gonger. For vannrikse er lokaliteten òg sannsynleg rasteområde i trekketidene og om vinteren.

Den einaste observasjonen av egrettheigre i Sveio vart gjort i Dyngetjørn i 1985.

### 27. Vigdarvatnet ved Krossleitet

Vigdarvatnet ligg sør for Sveio sentrum og er det største vatnet i kommunen. Det er i stor grad næringsfattig, men har fleire næringsrike bukter. Fleire av dei grunne, næringsrike buktene er

viktige område for andefugl som toppand, brunnakke, stokkand, siland og krikkand. Ei rekkje våtmarksartar er registrert rastande på vatnet, m.a. horndykkar, songsvane, bergand, taffeland, toppand, kvinand, siland og sothøne. Storlom blir jamleg observert på næringssøk, men om arten hekkar i vatnet er usikkert. Også ei rekkje vade-  
fuglartar som raudstilk, tjeld, strandsnipe og enkeltbekkasin er knytt til dei grunne strandområda rundt vatnet. På kulturmark rundt vatnet finn ein m.a. storspove og vipe. Førekomsten av desse artane er meir spreidd, og vanskeleg å avgrense på kartet. Frå gamalt av er det kjent ei "oterur" ved Vigdarvatnet, men i dag førekjem oteren berre sporadisk i Sveio.

Ein av dei frodigaste lokalitetane rundt vatnet ligg ved Krossleitet, på innsida av hovudvegen som passerar sør for Sveio sentrum. Det er denne lokaliteten som er avmerka på kartet (Kart 2). Her hekkar m.a. sivsongar.

#### 28. Forevatnet ved Krossleitet

Vatnet ligg vest for riksvegen, ca. 1,5 km sørvest for Sveio. Vatnet er omgitt av lynghei og noko skog. Tidlegare hekkeplass for storlom. Truleg lokal funksjon som hekkestad og rasteområde for andefugl, men lite dokumentasjon. Rasteområde for songsvane vinterstid.

#### 29. Hokla

Variert våtmarksområde ved kulturmark ved Hokla, sør for Sveio. Lokaliteten omfattar Hokle- og Midtstemmetjørna og bekkedraget mellom. Vatna er grunne og produktive med velutvikla vegetasjonssoner dominert av elvesnelle, storr, nøkkelrose og tjønnaks. Rundt våtmarksområdet er det lynghei og noko dyrka mark. Hekkeområde for grasender (stokkand, krikkand, brunnakke) og rasteområde for m.a. toppand, særleg på vårparten. Beiteområde for songsvane vinterstid. Fleire par sivsongar vart registrert under feltarbeid sommaren 2004.



Delar av område 29 Hokla. Foto: M.J. Steinsvåg.

#### 30. Tveit

Område med eldre lauvskog i den bratte lia på vestsida av Vigdarvatnet. Sannsynleg hekkeområde for gråspett.

#### 31. Rongavatnet

Hekke- og rasteområde for andefugl, men dokumentasjonen er relativt dårleg. Vatnet var tidlegare hekkelokalitet for storlom, og sjølv om dette er ei stund sidan (1980-talet), vil arten igjen kanskje kunne etablere seg her, dersom bestanden igjen skulle auke.

#### 33. Eileråsvatnet

Vatnet ligg heilt sør i kommunen, ved Eilerås sør for Vigdarvatnet. Vatnet er omkransa av barskog, kulturmark og lynghei. Hekkeområde for andefugl som stokkand, brunnakke, krikkand og siland. Rasteområde for andefugl. Hekkeområde for raudstilk, strandsnipe og enkeltbekkasin. Vannrikse vart høyrte syngjande for ein del år sidan. Tidlegare beitevatn for storlom, men det er lenge sidan denne arten er sett her.

### ANDRE OMRÅDE

To nokså store lyngheiområde som bør undersøkast betre er områda rundt Mølstrevågen heilt sør i kommunen. Landområda er stort sett nokså karrige lyngheier, men det ligg føre opplysningar som kan tyde på at hubro hekkar her. Begge områda omfattar også sjøområde som kan vere viktige for sjøfugl. Områda har ikkje fått prioritet som viltområde. Dei har heller ikkje fått noko avgrensing på viltkartet.

#### 34. Hei/kyst nv.f. Mølstrevåg

Nokså skrint lyngheiområde med mange små vatn og tjørn, i hovudsak nord for vegen ut mot Ryvarden. Området omfattar også kyststripa utanfor, inkl. Glitsholmen og Midtholmen som er hekkeområde for sjøfugl, først og fremst ærfugl. Kystlinja utanfor her og vidare nordover mot Eltravåg er kanskje det viktigaste kystavsnittet i kommunen for sjøfugl vinterstid, m.a. kan det i periodar ligge nokså mykje ærfugl her.

Heiområdet veit vi lite om. Det skal hekke hubro i området, men nøyaktig stadfesting manglar. Dei mange småvatna i området kan ha kvalitetar for rastande ender og vadefuglar.

#### 35. Hei/kyst s.f. Skålaskogvågen

Større, samanhengande lyngheiområde mellom Vikse og Langeset, heilt sørvest i kommunen, mot grensa til Haugesund kommune. Det skal ha hekkar hubro i området tidlegare. Området er framleis aktuell hekkebiotop for hubro, men status er usikker. Elles er området relativt fattig, og status som viltområde bør vurderast nærmare når ein veit meir om området. Grunne bukter med

fleire holmar i Mølstrevågen og Hidlesvågen kan vere viktige næringsøksområde for sjøfugl, men også dette bør dokumenterast betre.

## NATURRESERVAT I SVEIO

Sveio kommune har seks våtmarksreservat som vart verna i 1991 fordi dei er viktige for fuglelivet (Kart 2). I tillegg vart eit område ved Hopsfjellet verna etter den store skogbrannen i 1992. Føremålet med dette vernet var å la området få utvikle seg naturleg etter brannen. På Kart 2 er Hopsfjellet naturreservat inkludert i eit større viltområde som også omfattar ein del av den uskadde skogen rundt.

Under følgjer ein omtale av dei seks våtmarksreservata i kommunen. Denne omtalen er i stor grad tatt direkte frå *Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke* (Fylkesmannen i Hordaland 1991). Det bør gjennomførast ein ny systematisk gjennomgang av reservata for å fange opp eventuelle endringar i vegetasjonsforhold og artsførekomst.

### 6. Færås NR

Reservatet er samansett av m.a. to mindre vatn, Furevatnet i nord og Søravatnet i sør. Rundt vatnet er det lynghei, myr og dyrka mark. Føremålet med vernet er å verne eit våtmarkskompleks, primært med sentral hekkefunksjon for kjerrsongarar (sivsongar og røyrsongar).

Furevatnet har velutvikla takrøyrbelte og flytebladsoner, særleg med nøkkeroser. Vatnet er nesten heilt attgrodd, truleg pga. næringstilførsel frå jordbruksområda rundt. Søravatnet er i mindre grad påverka av tilsig frå landbruket og er i hovudsak omkransa av lynghei og har nesten ikkje vegetasjonsbelte i strandsona.

Lokaliteten ser i første rekke ut til å ha hekkefunksjon for andefuglar som stokkand, krikkand, brunnakke og toppand. Av vadefuglar hekkar enkeltbekkasin og raudstilk. Lokaliteten er ein av dei viktigaste for kjerrsongarar i Sveio, og var pr. 1991 den einaste lokaliteten der røyrsongar var observert syngande over fleire år. Sivsongar og sivsporv hekkar årvisst. Øya midt i Søravatnet hadde ein større fiskemåsekoloni i 1991, men det er usikkert om denne framleis har tilhald her.

### 8. Bjellandsvatnet NR

Reservatet ligg rett ved riksvegen, ca. 2 km nordaust for Sveio sentrum. Bjellandsvatnet er eit svært næringsrikt vatn omkransa av jordbrukslandskap med dyrkamark og beite. Føremålet med vernet er å verne eit særskild produktivt våtmarksområde som har fleire funksjonar og eit høgt tal observerte artar.

Den sørlege delen av vatnet har eit velutvikla takrøyrbelte og stadvis mindre belte med flaskestarr og elvesnelle. Dei meir opne partia har fro-

dig undervass- og flytebladvegetasjon, særleg tjønnaks. Den nordlege delen av vatnet har opnare vassflate, men med strandvegetasjon i vikene. Bjellandsvatnet er hekke- og rasteområde for andefuglar som stokkand, krikkand, brunnakke og toppand. Songsvane rastar her i vinterhalvåret og sjeldne artar som horndykkar, dvergdykkar, snadderand og knekkand er òg observert. Horn-dykkaren har hekka i vatnet.

Vatnet er mogleg hekkeområde for vannrikse og myrrikse, for vannrikse òg ganske sikkert rasteområde vinterstid. Sivhøne og sothøne er òg registrert fleire gonger.

Fleire par med sivsogor og sivsporv hekkar ved vatnet. Dei siste åra har ein også registrert syngjande røyrsongar her (Falkenberg 2002) og grashoppesongar er òg registrert (LRSK).

Rike kulturlandskapssjøar som dette er viktige rasteområde for sporvefuglar på trekk og stare nyttar t.d. takrøyra her som overnattingsplass.

Heilt sørvest ved Bjellandsvatnet er det sett opp eit fugletårn. Herfrå har ein godt utsyn over vatnet og fuglelivet der.

Beite- og dyrkamarka rundt er viktig som hekkeområde for storspove, tjeld, vipe og enkeltbekkasin. Grågås nyttar dyrkamarka som rasteområde under trekket.

### 9. Mannavatnet NR

Reservatet ligg ca. 1 km aust for Sveio sentrum. Mannavatnet er eit grunt, relativt næringsfattig vatn. Sentralt i vatnet ligg det to små øyar og området rundt består av dyrka mark, lynghei og noko myr. Strandvegetasjon og flytebladvegetasjon er lite utvikla. Men fordi vatnet er såpass grunt er det truleg god produksjon av insekt og botndyr, og næringstilførsel for våtmarksfugl er såleis gode.

Føremålet med vernet er å verne eit vatn med trekk- og vinterfunksjon for dykkender. Hekkefunksjon for storlom var òg ei medverkande årsak til at lokaliteten vart verna. Arten hadde hatt tilhald her i alle fall sidan 1920-talet, men i dag er storlomen borte som hekkefugl. Siste sikre hekkefunn er frå ca. 1990.

Hekkeandefuglar på lokaliteten er stokkand, krikkand, brunnakke og siland. Eit knoppsvanepar hekka her i 2004. Av vadefuglar hekkar tjeld og vipe (delvis i tilknytning til dyrka marka rundt), og i enkelte år raudstilk, strandsnipe og storspove. Under trekket er sotsnipe, gluttsnipe, skogsnipe, småspove og kvartbekkasin observert. Mannavatnet er viktig rasteområde for dykkender haust, vinter og vår. Dei vanlegaste artane er toppand og kvinand. Hausten 1978 låg det fleire taffelender på vatnet og dei siste åra er lappfiskand observert fleire gonger. Det er lite kantvegetasjon rundt vatnet, men sivsporv hekkar.



### 16. Lokna NR

Lokna naturreservat består av to tjørn, Sandvatnet og Loknatjørna, og myrområdet mellom. Føremålet med vernet har vore å verne eit produktivt trekk- og hekkeområde for ender og vadefuglar og trekk- og vinterområde for songsvane.

Dei to tjørna er svært ulike med tanke på næringsinnhald og vegetasjon, og utfyller kvarandre funksjonelt. Loknatjørna er ei grunn og vegetasjonsrik tjørn med flaskestarr, elvesnelle, nøkeroaser, tjønnaks og bekkeblom. Oppgjødsling kjem truleg av tilsig frå dyrka mark sør for tjørna. Sandvatnet er ikkje påverka av slikt tilsig og er difor vegetasjonsfattig.

Lokaliteten er fast hekkeplass for stokkand, krikkand, brunnakke og vadefuglartane vipe, raudstilk og enkeltbekkasin. Storspove hekkar i lyngheia utanfor reservatet. Begge tjørna har hatt funksjon som samlingsstad for hannar av brunnakke, krikkand og stokkand. Om denne funksjonen er intakt pr. 2006 er usikkert. Elles blir flokkar med songsvane og kanadagås observert her kvar seinhaust/vinter.

### 20. Skiftestad NR

Reservatet omfattar tre små tjørn og ei myr og ligg like ved vegen mellom Nordskog og Eltravåg. Rundt tjørna og myra er det knausar med lynghei. Føremålet med vernet er å verne eit nokså upåverka område med hekefunksjon for grasender og flokkfunksjon for brunnakkehannar etter paringa.

Dei to tjørna i sør er typiske attgroingstjørn. Ardalstjørna i nord er eutrof og vegetasjonsrik, og dominert av elvesnelle og bekkeblom. På myra mellom tjørna veks det noko bjørk og einer.

Lokaliteten har funksjon som hekkeområde for stokkand, krikkand og brunnakke. Av vadefuglar hekkar raudstilk, enkeltbekkasin og vipe. Også sivsporv hekkar. Ved vernetidspunktet hadde lokaliteten funksjon som tidleg samlingsstad for hannender, mest for brunnakke, men òg for krikkand, og av og til sein samlingsstad for stokkandhannar. Om lokaliteten framleis har funksjon som flokklokalitet i 2006 er usikkert.

### 32. Viksefjord NR

Reservatet omfattar eit gruntvassområde inst i Viksefjorden. Føremålet med vernet er å verne eit produktivt gruntvassområde ved kysten, av

særleg verdi for trekkande ender, gjess og vadefuglar.

Dette er eit av dei få leiområda i Hordaland – grunne sjøområde med leirbotn som kjem til syne ved lågvatn. I tillegg til at lokaliteten er eit godt typeområde, har den eit godt utvikla vegetasjonsbelte mellom dyrka marka innanfor og stranda.

For fugl har lokaliteten størst verdi som trekklokalitet for ender, gjess og vadadar. Særleg vadefugl finn gode næringstilhøve her. Dei vanlegaste vadadarartane under trekket er vipe, tjeld og raudstilk. På hausttrekk er heilo, dvergsnipe, polarsnipe, myrsnipe, brushane, skogsnipe, sotsnipe, gluttsnipe og sandlo sett.

Av gjess er grågås vanlegast, men også kortnebbgås, ringgås og kanadagås er observert. Også knoppsvana har tidvis hatt tilhald i. Tilgang på undervassvegetasjon med ålegras er nok ein viktig grunn til at svanar og gjess stundom nyttar lokaliteten.

### VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT

Fordi Sveio ligg så kystnært, er snødekket sjeldan eller aldri noko problem for hjorten i kommunen. Difor er det ikkje gjort forsøk på å avgrense viktige vinterbeiteområde. Det er heller ikkje avgrensa sommarbeite. Hjorten er fleksibel og utnyttar beite der han finn det, både i skog, lynghei og på innmark, men generelt vil nok dei større skogområda i kommunen vere viktige område for hjorten.

I Sveio er busetnaden spreidd og det er liten fare for at viktige trekkruiter over land skal bli nedbygde. Difor er dei fleste trekkvegane som er registrerte anten viktige kryssingspunkt over veg, der påkjørslar er eit problem eller trekkveggar over fjord, der det er viktig at dyra uhindra kan kome seg på land (Kart 2).

Dei viktigaste "kryssingspunkt" over veg er ved Haukås, Flåtene, Berget, Hope, Austvik, Sætre, Nordre Vassbotn og ved Vrangtjørna. På strekinga Haukås-Rød er det årlege kollisjonar mellom bil og hjort, men det er usikkert kor konsentrerte desse kollisjonspunkta er.

Trekkveggar der hjorten kryssar Ålfjorden er registrert ved Bulvikneset, Framneset og Litlehovda. Over Bømlafjorden går det truleg eit trekk frå Ulvåkerhammaren over til Moster på Bømlo.

## 6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I SVEIO

### RAUDLISTER

Ei raudliste er ei oversikt over artar med ei vurdering av sjansen for at arten skal dø ut i nær framtid. Til grunn for vurderingane ligg m.a. kunnskap om leveområde, bestandsstorleik, bestandsutvikling og reproduksjonsevne. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken.

Den nasjonale raudlista vurderer artane på landsbasis, men det kan likevel vere viktig å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. vandrefalk).

Raudlistene må reviderast etter kvart som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Denne rapporten bygger på raudlista frå 2006 (Kålås mfl. 2006). Den forrige norske raudlista kom i 1999 og den neste er planlagt i 2010.

#### Kategoriar i den norske raudlista frå 2006

##### **Forsvunnen - RE (Regionally extinct)**

Brukast om artar som truleg er forsvunne frå regionen, eller ikkje lenger kan reproducere der.

##### **Akutt truga - CR (Critically endangered)**

Ein art tilhøyrrer denne kategorien når det er svært stor risiko for at han vil dø ut i vill tilstand i løpet av nær framtid.

##### **Sterkt truga - EN (Endangered)**

Ein art tilhøyrrer denne kategorien når han ikkje tilhøyrrer kategorien CR, men likevel har stor risiko for å dø ut i vill tilstand i nær framtid.

##### **Sårbar/noko truga - VU (Vulnerable)**

Ein art tilhøyrrer denne kategorien når han ikkje fyllar kriteria for kategoriane ovafor, men kor det likevel er stor risiko for at han kan dø ut i vill tilstand i løpet av eit middels lang tidsperspektiv.

##### **Nær truga - NT (Near threatened)**

Ein art tilhøyrrer denne kategorien når han ikkje fyller nokon av kriteria ovafor, men er nær ved å oppfylle kriteriet til kategori VU.

##### **Kunnskapsmangel - DD (Data deficient)**

Hit førast artar der ein manglar tilstrekkelege kunnskap om utbreiing og status, men der det likevel er mistanke om at arten kan vere truga.

### Ansvarsartar

I forvaltningssamanheng opererer ein òg med omgrepet ansvarsartar. Dette er artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltningsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga og er ofte ikkje raudlisteartar. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjelltype og bergirisk.

### VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige trugsmål mot biologisk mangfald:

*Handel med ville dyr* er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis. Særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. Ville artar i Noreg som kan vere attraktive i denne samanheng er m.a. jaktfalken. Men her i landet er nok problemet først og fremst aktuelt i samband med ulovleg import av viltartar som kjæledyr.

*Intensiv jakt eller forfølging* har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

*Miljøgifter* utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggeskalfortyning), og bestanden vart kraftig redusert. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

*Innføring av framande artar.* På mange av Stillehavssøyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

*Øydelegging av naturtypar og leveområde.* Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gamalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

**Tabell 1.** Raudlista viltartar i Sveio kommune.

Raudlistestatus	Art	Status i Sveio	Moglege lokale trugsmål	
CR Kritisk truga	Åkerrikse	Sjeldan og sporadisk hekkefugl	Moderne jordbruk (m.a. tidleg slått)	
	Lomvi Hauksongar	Fåtalog trekk- og vintergjest Sjeldan og sporadisk trekkgjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn -	
EN Sterkt truga	Horndykkar	Fåtalog hekkefugl	Bortfall av rike innsjøar	
	Knekkand	Sjeldan trekkgjest	-	
	Lappfiskand	Sporadisk trekkgjest	-	
	Myrrikse	Mogleg fåtalog hekkefugl	Bortfall av rik våtmark	
	Hubro	Fåtalog hekkefugl	Kraftlinjer, utbygging, attgroing av lynchhei	
VU Sårbar	Stor salamander	To mindre populasjonar er registrert	Drenering og attfylling av dammar, utsetting av fisk	
	Storlom	Fåtalog hekkefugl	Regulering av vassdrag, garndrukning, forstyrring på hekkeplass	
	Snadderand	Sjeldan trekkgjest	-	
	Skeiand	Sjeldan trekkgjest	-	
	Bergand	Fåtalog vintergjest	-	
	Sivhauk	Sjeldan trekkgjest	-	
	Myrhauk	Sjeldan trekkgjest	-	
	Hønehauk	5-7 hekkande par	Redusert areal gammal furuskog	
	Vannrikse	Mogleg fåtalog hekkefugl	Bortfall av rik våtmark, bekkelukking	
	Fjellmyrløper	Sjeldan trekkgjest	-	
	Krykkje	Fåtalog haust- og vintergjest	-	
	Makrellterne	Fåtalog hekkefugl	Næringsmangel, mink	
	Lunde	Fåtalog vintergjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn	
	Tyrkerdue	Sjeldan gjest	-	
	Nattravn	Sjeldan trekkgjest (1 observasjon)	-	
	Dvergspett	Fåtalog hekkefugl	Red. areal eldre lauv- og blandingskog	
	Grashoppesongar	Sjeldan og sporadisk hekkefugl	-	
	Tornskate	Sporadisk gjest og hekkefugl	-	
	Oter	Sjeldan streifgjest	Drukning i fiskeruser, påkøyrslar	
	Gaupe	Ubekrefta observasjonar	-	
NT Nær truga	Dvergdykkar	Sporadisk trekk- og vintergjest	Bortfall av rike våtmarksområde	
	Toppdykkar	Sjeldan trekk- og vintergjest	Bortfall av rike våtmarksområde	
	Songsvane	Regelmessig vintergjest	Kraftlinjer, bortfall av grunne innsjøar	
	Sjørre	Fåtalog vintergjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn	
	Fjellvåk	Regelmessig trekkgjest	-	
	Kongøørn	Regelmessig streifgjest	-	
	Fiskeørn	Sjeldan trekkgjest	-	
	Jaktfalk	Sporadisk streifgjest	-	
	Vandrefalk	Regelmessig trekkgjest	-	
	Sivhøne	Fåtalog trekk- og vintergjest	Bortfall av rike våtmarksområde	
	Vipe	Fåtalog hekkefugl	Tidleg slått, drenering av opne myromr.	
	Storspove	Fåtalog hekkefugl	Attgroing av beitemark og lynchhei	
	Tjuvjo	Fåtalog hekkefugl (no sporadisk)	-	
	Hettemåse	Tidlegare hekkefugl, no usikker	Bortfall av grunne, rike innsjøar	
	Teist	Tidlegare fåtalog hekkefugl	Næringsmangel, mink	
	Gråspett	Fåtalog hekkefugl	Red. areal eldre lauv- og blandingskog	
	Kvitryggspett	Fåtalog hekkefugl	Redusert areal gammalskog	
	Tretåspett	Sjeldan og tilfeldig gjest	-	
	Songlerke	Fåtalog hekkefugl	Endra driftsformer i landbruket	
	Svartstrupe	Sjeldan hekkefugl	Attgroing av lynchhei	
	Steinskvett	Fåtalog hekkefugl	Attgroing av beitemark	
	Bøksongar	Sjeldan sommargjest	-	
	Varslar	Sjeldan trekkgjest	-	
	Stare	Vanleg hekkefugl	Endringar i landbruket	
	Bergirisk	Fåtalog hekkefugl	-	
	Skjeggflaggermus	Truleg rel. vanleg	Tetting av bygg	
	DD Datamangel	Brushane	Fåtalog trekkgjest	-

**Tabell 2.** Norske ansvarsartar i Sveio kommune.

Status	Art	Status i Sveio	Moglege lokale trugsmål
Ansv. hekkebestand	Havørn	Fåtalig hekkefugl	Forstyrning, hogst av gammal furuskog
	Jaktfalk	Sporadisk streifgjest	-
	Myrsnipe	Fåtalig trekkgjest	?
	Lappspove	Fåtalig trekkgjest	?
	Raudstilk	Fåtalig hekkefugl	Færre eigna våtmarkslokalitetar
	Svartbak	Vanleg hekkefugl	?
	Krykkje	Fåtalig streifgjest utanom hekketid	Oljesøl, næringssvikt
	Lunde	Fåtalig vintergjest	Oljesøl, fiskegarn, næringssvikt
	Skjærpiplerke	Fåtalig hekkefugl	?
	Bergirisk	Fåtalig hekkefugl	?
Ansv. vinterbestand	Islom	Sjeldan og sporadisk vintergjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn
	Storskarv	Vanleg vintergjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn
	Toppskarv	Fåtalig gjest	Oljesøl, drukning i fiskegarn
	Siland	Vanleg hekkefugl	Oljesøl, drukning i fiskegarn
	Fjøreplytt	Fåtalig trekk- og vintergjest	?
Ansv. heile året	Oter	Sjeldan streifgjest	Drukning i fiskeruser, påkøyrslar



*Hønehauken er oppført på den norske raudlista som sårbar. Arten er knytt til større, samanhenande område med eldre furuskog, og særleg på Austlandet og i Trøndelag har bestanden gått tilbake fordi både hekkeområde og jaktområde har blitt hogde. Alle dei fire kjende hekkeområda i Sveio er knytt til eldre furuskog. Truleg hekkar det 5-6 par i kommunen. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.*

## 7. STATUS FOR VILTET I SVEIO

### AMFIBIUM

**Stor salamander** *Triturus cristatus* **Sårbar (VU)**  
Fåtalig. Stor salamander er kjent etablert i to mindre populasjonar i Sveio sentrum og på Trollavassnipa. I 2006 kom det inn opplysningar om ein lokalitet ved Bulvik. Utbygging i sentrum har redusert leveområdet for salamanderen, og ein arbeider no for å finne ei løysing som er til å leve med både for salamanderen og utbyggingsinteressene. Attfylling og drenering av dammar, i tillegg til utsetting av fisk er generelle trugs mål mot salamanderen.

**Frosk** *Rana temporaria*  
Utbreidd over det meste av kommunen, men er truleg mindre vanleg enn padde.

**Padde** *Bufo bufo*  
Vanleg art over heile kommunen.

### KRYPDYR

**Firfisle** *Lacerta vivipara*  
Fåtalig, men finst truleg over store delar av kommunen. M.a. vart eit individ observert ved Hovda, Ålfjorden 15. april 2004 (M.J.Steinsvåg). Nemnt frå tre stader av Dolmen (1997).

**Stålorm** *Anguis fragilis*  
Truleg relativt vanleg, men blir sjeldan sett. Er truleg meir fåtalig enn hoggorm.

**Hoggorm** *Vipera berus*  
Stadvis vanleg art, og truleg utbreidd over det meste av kommunen.

**Buorm** *Natrix natrix*  
Ein observasjon frå Auklandshamn i 1970 er rapportert til Zool. museum Bergen, men funnet er ikkje dokumentert. Dette kan dreie seg om ei forveksling med hoggorm eller stålorm. I alle fall finst det ingen dokumenterte funn av buorm frå Hordaland.



Stålorm. Foto: M.J. Steinsvåg.

### FUGLAR

Blant landlevande viltartar står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsriktom. I Sveio er det registrert 221 fugleartar, men av desse er berre omlag 110 påviste eller sannsynlege hekkefuglar. Hovudgrunnen til at såpass mange artar er registrert i Sveio er at kysten er trekklei og rasteplass for ei rekke fugleartar. I tillegg har den feltornitologiske aktiviteten vore god, slik at mange av dei fåtalige, trekkande artane som kjem innom kommunen har blitt dokumenterte.

Ved utforming av artsomtalan i dette kapitlet har vi hatt stor nytte av Krompen nr. 1 frå 1984 (årg. 13). I dette heftet vart det lagt spesiell vekt på fuglefaunaen i Sveio kommune. Heftet inneheld m.a. ei kommentert artsliste for kommunen, utarbeidd av Einar Tjelle, Frank Nilsen, Jostein Kjærandsen og Erik U. Eikehaugen.

Den ornitologiske feltaktiviteten i Sveio hadde ein topp på 1980-talet. Mange konkrete eksempel på observasjonar i artsomtalan skriv seg difor frå denne perioden. Det betyr ikkje nødvendigvis at den aktuelle arten ikkje har vorte registrert i kommunen etter dette, men det finst relativt få stad- og tidfesta observasjonar frå Sveio dei seinare åra.

#### Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Enkelte fugleartar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer at sikker artsbestemming ofte kan vere vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale, fylkesvise utvalet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite), og det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte svært spesielle artsfunn må òg godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i NOF Hordaland sitt tidskrift, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidskrift, *Ornis Norvegica* (tidlegare i *Vår Fuglefauna*) av NSKF.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor berre artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtala og rekna som offisielle. For desse blir det referert til den aktuelle sjeldanhetiskomiteen eller til publikasjonen. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, kan det vere referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observa-



sjonsdatoar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

## LOMMAR

### **Smålom** *Gavia stellata*

Arten passerer årleg på trekk langs den ytre kysten både haust og vår, oftast i små flokkar, men også enkeltvis. Elles føreligg det enkelte observasjonar av enkeltindivid langs vestkysten om vinteren. Sjeldan i ferskvatn.

### **Storlom** *G. arctica* **Sårbar (VU)**

Fåtalig hekkefugl. Truleg opptil 3 hekkande par i 2005. Har forsvunne frå vatn der den tidlegare hekka årleg, men kan ha etablert seg på nye lokalitetar. Også i 1984 rekna ein med tre hekkande par i kommunen (Tjelle mfl. 1984). Storlomen plasserer reiret heilt i vasskanten og er difor utsett i forhold til regulering. Arten er også svært var for forstyrning i hekketida. Storlomen er ein fåtalig hekkefugl også på fylkesbasis og truleg hekkar det berre ca. 15 par Hordaland.

### **Islom** *Gavia immer* **Ansvarsart vinterbestand**

Arten passerer langs den ytre kysten under trekket vår og haust, men det finst ingen konkrete observasjonar frå Sveio. Truleg overvintrar det enkeltindivid langs kysten årleg, men det er gjort få observasjonar. Eit individ ved Lyngholmen 24/1-1982 (LRSK) er det einaste sikre funnet frå Sveio.

## DYKKARAR

### **Dvergdykkar** *Tachybaptus ruficollis* **Nær truga (NT)**

Vaksen fugl med ungar vart observert i nordenden av Nordskogvatnet sommaren 2006 (Jan Rabben). Dette er det einaste hekketida av arten i Sveio, men arten lever svært skjult i hekketida, så det er ikkje utenkeleg at arten har hekka i Sveio før dette. Elles finst sporadiske trekk- og vinterobservasjonar av enkeltindivid. M.a. eit ind. på Bjellandsvatnet 3/11-2001 (Falkenberg 2002).

### **Toppdykkar** *Podiceps cristatus* **Nær truga (NT)**

Sjeldan trekk- og vintergjest. Av totalt 36 funn i Hordaland, er fem frå Sveio (LRSK). Næraste kjende hekkeplass ligg på Jæren.

### **Gråstrupedykkar** *Podiceps grisegena*

Enkeltindivid overvintrar nok bort imot årvisst, men berre fire konkrete observasjonar. Sist eit

individ på Mannavatnet 22/10-1989 (Anon. 1990), men førekjem oftast på sjøen.

### **Horndykkar** *Podiceps auritus* **Sterkt truga (EN)**

Fåtalig hekkefugl. Første hekketida vart gjort i Nesvatnet i 1979. Sidan funnen hekkande i den nordvestlege tarmen av Nesvatnet, Haukåsvatnet, i 1980 (Kålås 1981), der arten hekka til ca. 1990 (det er usikkert om arten har hekka her etter dette). Hekkeforsøk i Bjellandsvatnet i 1983 og sannsynleg hekking i Vardavatnet i 1988 (Osaland 1989). Fleire individ har blitt observert i ulike vatn Sveio, det siste i Bjellandsvatnet i 2001 (Falkenberg 2002).



Horndykkar i sommartrakt. Foto: Frode Falkenberg.

## STORMFUGLAR

### **Havhest** *Fulmarus glacialis*

Arten er knytt til havområda og førekjem nok ganske vanleg på streif/næringssøk i havområda vest for kommunen. Det føreligg m.a. fleire observasjonar frå Ryvarden. Dei siste åra har 1-2 par hekka eller gjort hekkeforsøk på Sørøyane i Bømlø kommune. Dette er einaste kjende hekkeplass for arten i Hordaland.

### **Havlire** *Puffinus puffinus*

Pelagisk art som av og til blir observert utanfor Norskekysten, oftast mellom mai og september. Totalt 35 funn i Hordaland. Dei næraste hekkeplassane ligg i Storbritannia og på Færøyane. Eit individ rapportert frå Sveio 16/5-1982 (Sættersdal 1984), truleg utanfor Ryvarden. For havlire langs Hordalandskysten er dette ein "austleg" observasjon.

### **Havsvale** *Hydrobates pelagicus*

Er nok relativt vanleg langs det meste av Norskekysten i hekketida i august-desember. Under kraftig pålandsvind hender det at enkelte blir blåste innover land. Dette hadde nok skjedd med fuglen som vart funnen forkommen i Auklandshamn 4/12-1985 (Osaland 1986). Dette er den einaste funnet av havsvale frå Sveio.

## PELIKANFUGLAR

### **Havsule** *Morus bassanus*

Førrekjem relativt vanleg utanfor vestkysten det meste av året, men er minst talrik om vinteren. Opptil 14 individ samtidig er observert frå Ryvarden. Nærmaste hekkeplass er Runde på Sunnmøre.

### **Storskarv** *Phalacrocorax carbo*      **Ansv. vinterbestand**

Vanleg art på sjøen i trekketidene og i vinterhalvåret. Også vanleg på austsida av kommunen og i pollane i desse periodane.

Storskarven hekkar frå Trøndelagsfylka og nordover, men underarten mellomskarv *P. c. cinensis* ekspanderer frå sør, og har etablert seg som hekkefugl i Rogaland (etableringa skjedde for 2-3 år sidan).

### **Toppskarv** *P. aristotelis*      **Ansv. vintersart vinterbestand**

Blir observert fåtalig året rundt, men helst i vinterhalvåret, og i motsetning til storskarven, nesten utelukkande langs sørvestkysten av kommunen. Største hekkekolonien i Hordaland ligg på Lyngsøy, heilt sør i Bømlø kommune og ca. 5 km vest for Ryvarden. Denne kolonien tel i dag truleg opp mot 200 par.

## STORKEFUGLAR

### **Egrettheigre** *Egretta alba*

Svært sjeldan gjest som berre er funnen fem gonger i Hordaland. Eit av funna er frå Sveio, eit individ ved Dynjotjørn 26/5-1985 (NSKF).

### **Gråheigre** *Ardea cinerea*

Sjåast vanleg, men må likevel reknast som ein relativt fåtalig hekkefugl. Hekkebsetanden vart i 1984 estimert til 60-80 par og er neppe særleg større i dag. Hekkar typisk i koloniar på 5-10 par, men dette kan variere. Kolonien ligg ofte i granplantefelt. Gråheigare kan sjåast heile året, både ved ferskvatn og saltvatn.

### **Stork** *Ciconia ciconia*

Svært sjeldan gjest med berre 11 funn i Hordaland. Einaste funnet i Sveio er eit individ observert på Åse 7/6-1984 (NSKF).

## ANDEFUGLAR

### **Songsvane** *Cygnus cygnus*      **Nær truga (NT)**

Fåtalig, men regelmessig vintergjest i næringsrike innsjøar. Kan òg sjåast på fjorden av og til. Fleire vatn i Sveio er gunstige vinterområde for songsvane, men arten er likevel fåtalig. M.a. 8 individ i Vigdavatnet, nord for Krossleitet 3/3-2004 (M.J. Steinsvåg).

### **Knoppsvane** *Cygnus olor*

Nytablert som hekkefugl i Sveio. Påvist hekkande i Mannavatnet i 2004 (Falkenberg 2004). Knoppsvanen har dei seinare åra blitt vanlegare i sørlege delar av Hordaland, også i Sveio, og det føreligg fleire observasjonar frå dei siste åra, m.a. frå Førdespollen, Viksefjorden og Vigdarvatnet i tillegg til Mannavatnet.



Knoppsvanefamilien i Mannavatnet 2004. Foto: M.J. Steinsvåg.

### **Kortnebbgås** *Anser brachyrhynchus*

Sjeldan trekkgjest. M.a. vart tre individ observert i ein grågåsflokk som rasta ved Bjellandsvatnet 27/10-2005.

### **Grågås** *Anser anser*

Fåtalig hekkefugl, men førrekjem talrikt under trekket, særleg om hausten. Dei store mengdene flyg over kommunen, men nokre rastar m.a. på dyrka mark. Påvist hekkande på Hjartholmen. Hekkebestanden av grågås i Hordaland har auka dei seinare åra, dette gjeld også m.a. holmar i Bømlafjorden.



Kortnebbgjess (øvt) og grågjess ved Bjellandsvatnet, oktober 2005. Foto: M.J. Steinsvåg.

**Kanadagås** *Branta canadensis*

Fåtalig hekkefugl. Kanadagåsa vart satt ut som jaktobjekt m.a. på Stord og Bømlo på 1970-talet (denne praksisen er no forbode!) og hekkar no fleire stader i fylket. I Sveio vart arten først observert i 1979 og funne hekkande på byringa av 1980-talet (Håland m.fl. 1984). Rundt 2000 var det kanskje mellom 10 og 15 par i kommunen (Jacobsen 2000), men hekkebestanden ser ut til å ha avtatt noko dei siste åra.

**Kvitkinngås** *Branta leucopsis*

Kvitkinngåsa trekkjer langs kysten av Hordaland, og særleg om våren kan trekket kome svært konsentrert, men fleire tusen fuglar på få timar. Frå Sveio vart det m.a. sett ca. 250 nordtrekkande individ forbi Ryvarden 30/4-2000. Enkeltindivid kan unntaksvi raste langs kysten. Den 26/1-2005 vart fire individ observert ved Sveio sentrum. Dette er ein uvanleg observasjon og har nok samband med den kraftige stormen nokre dagar før (Falkenberg m.fl. 2006).

Ringgås *Branta bernicla* viser det same trekk-mønsteret som kvitkinngåsa, men er ikkje observert i Sveio.

**Gravand** *Tadorna tadorna*

Sett nokre gonger på sørtrekk om hausten ved Ryvarden. Fire individ låg i Førdespollen 11/7-1981 og eitt individ vart sett på Hjartholmen 6/4-1985 (Osaland 1986). I Hordaland er arten berre påvist hekkande med 1-2 par på Herdla i Askøy kommune.

**Brunnakke** *Anas penelope*

Var tidlegare ganske vanleg hekkefugl på eigna lokalitetar sør for Førde (Tjelle mfl. 1984), og bestanden vart rekna til ca. 40 par i 1983. Dagens bestandssituasjon er ukjent. Framleis hekkefugl m.a. ved Bjellandsvatnet.

**Snadderand** *Anas strepera***Sårbar (VU)**

Sjeldan trekk-/streifgjest som berre er observert to gonger i Sveio: 3 individ låg på Mannavatnet 10-20/7-1980 (Kålås 1981) og 2 i Bjellandsvatnet 16/8-2003 (Falkenberg 2004).

**Krikkand** *Anas crecca*

Ganske vanleg hekkefugl ved grunne innsjøar og tjørn. Er nest etter stokkand, den vanlegaste grasanda.

**Stokkand** *Anas platyrhynchos*

Vanleg hekkefugl ved ferskvatn. Hekkar også i tilknytning til skjergarden. Ganske vanleg også vinterstid.

**Knekkand** *Anas querquedula***Sterkt truga (EN)**

Sjeldan trekk-/streifgjest som berre er rapportert tre gonger frå Sveio: Eit par i Bjellandsvatnet 23-

31/5-1981 (LRSK), eit ind. i Liarvatnet 28/4-1984 (LRSK) og ein hann i Bjellandsvatnet 9/5-2002 (Falkenberg 2003).

**Skeiand** *Anas clypeata***Sårbar (VU)**

Sjeldan trekk-/streifgjest med berre to funn frå Sveio. Eit par i Rotatjørn/Vardavatnet 23/5-6/6-1982 og ein hann i Dynjovatn 30/5-1982 (LRSK).

**Taffeland** *Aythya ferina*

Sporadisk trekk- og vinergjest. Årlege observasjonar i perioden rundt 1980 og heile 43 individ på tre ulike lokalitetar 26/11-1978 (Tjelle mfl. 1984), men dette var eit såkalla invasjonår. Få eller ingen observasjonar frå dei siste åra.

**Toppand** *Aythya fuligula*


Fåtalig hekkefugl. Funnen hekkande i Vigdarvatnet og Furevatnet (Lauvås) tidleg på 1980-talet, men lite konkret informasjon etter dette. Er meir vanleg utanom hekkesesongen.

**Bergand** *Aythya marila***Sårbar (VU)**

Sporadiske observasjonar i trekktidene og i vinterhalvåret. M.a. 5 ind. i Førdespollen 5/11-1987 og 1 ind. i Vigdarvatnet 31/1-1995. Som hekkefugl i Hordaland er arten knytt til enkelte innsjøar på Hardangervidda.

**Ærfugl** *Somateria mollissima*

Ganske vanleg hekkefugl i skjergarden. Fleire hekkande par er m.a. registrert på Hjartholmen og Nappholmane. Vanleg også om vinteren.



Brunnakke (øvt) og toppand. Foto: M.J. Steinsvåg.



**Havelle** *Clangula hyemalis*

Regelmessig vintergjest langs vestkysten i noko varierende tal, oftest i små flokkar. Overvintrande haveller i Hordaland kjem frå nordlege hekkebestandar. I Hordaland hekkar havella berre med nokre ytterst få par på Hardangervidda.

**Svartand** *Melanitta nigra*

Regelmessig gjest langs vestkysten i noko varierende tal, men førekjem først og fremst i vinterhalvåret. Kan opptre i flokkar på fleire hundre individ, men så store flokkar er ikkje observert i Sveio. Svartanda hekkar helst i fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. I Hordaland er arten registrert fåtalig hekkande på Hardangervidda. Det føreligg også enkelte meldingar om hekkefunn i låglandet, m.a. eitt frå Sveio i 1982, men dette er udokumentert.

**Sjørre** *Melanitta fusca***Nær truga (NT)**

Regelmessig gjest langs vestkysten i vinterhalvåret, men mindre vanleg enn svartand. Hekkar hos oss helst i fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr, og i Hordaland er arten registrert fåtalig hekkande på Hardangervidda.

**Kvinand** *Bucephala clangula*

Vanleg trekk- og vintergjest både i ferskvatn og på sjøen. Kvinanda er holrugar og skal ha hekka i ein holk ved Rauneslitjørna på slutten av 1970-talet. Kvinanda er elles berre er funnen hekkande i Hordaland eit par gonger på Voss.

**Lappfiskand** *Mergus albellus***Sterkt truga (EN)**

Sjeldan vintergjest, men er observert fleire gonger i Mannavatnet dei siste åra, m.a. 4 individ 25/1-2003 (Falkenberg 2004).

**Siland** *Mergus serrator***Ansvarsart vinterbestand**

Ganske vanleg hekkefugl, helst i skjergarden, men kan også hekke ved ferskvatn. Sjøåst vanleg også om vinteren.

**Laksand** *Mergus merganser*

Fåtalig, men bort imot årvisst gjest i vinterhalvåret. M.a. eit par i Fjonavika 21/2-1994 (Osaland 1987). Først og fremst knytt til ferskvatn.

**ROVFUGLAR****Glente** *Milvus milvus*

To individ vart observert ved Vestvik 10/7-1988 (NSKF). Dette er den einaste godkjente observasjonen av glente i Hordaland. Glenta hekkar i Sentral-Europa og sjåast sjeldan i Noreg.

**Havørn** *Haliaeetus albicilla***Ansv. hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl. Tre territorie er kartfesta, men sannsynleg hekkar minst fem par. I fylket tel bestanden no truleg rundt 100 hekkande par.

**Sivhauk** *Circus aeruginosus***Sårbar (VU)**

Sjeldan og tilfeldig trekkgjest med totalt fem funn i kommunen (LRSK). 1 individ ved Smørsund 14/5-1980, 1 ind. ved Rotatjørn 12/6-1980, 1 ind. ved Sveio 7/5-1985, 1 ind. ved Bjellandsvatnet 12/5-1988 og 1 ind. ved Furevatnet 18/6-1988. Arten førekjem over store delar av Europa og er knytt til større, næringsrike innsjøar. Er observert fleire gonger i hekketida m.a. på Jæren.

**Myrhauk** *Circus cyaneus***Sårbar (VU)**

Sjeldan og tilfeldig trekkgjest med to funn i kommunen (LRSK). 1 ind. ved Bjelland 4/10-1982 og 1 ind. ved Bjellandsvatnet 17/9-1984. I Hordaland hekkar truleg nokre få par på Hardangervidda som einaste stad i fylket.

**Hønsehauk** *Accipiter gentilis***Sårbar (VU)**

Fåtalig hekkefugl knytt til større, samanhengande område med eldre furuskog med god produksjonsevne. Fire hekkeområde er kjent i Sveio, men truleg hekkar det 5-6 par i kommunen.



Hønsehauk. Foto: M.J. Steinsvåg.

**Sporvehauk** *Accipiter nisus*

Fåtalig hekkefugl. Vi veit lite om hekkebestanden i Sveio, men arten er nok vanlegare enn t.d. hønsehauken. Sporvehauken hekkar gjerne i litt eldre granplantefelt og er ikkje, som hønsehauken, knytt til eldre skog. Trekkfugl, men mange overvintrar, særleg i kyststroka.

**Musvåk** *Buteo buteo*

Vart påvist hekkande første gong i Sveio sommaren 2004, som det fjerde hekkefunnet i Hordaland. Observert i området også i 2005 og 2006. Eit par sommarobservasjonar frå 1981 og 1983 kan tyde på at arten har hekka i kommunen alt på det tidspunktet. Det føreligg elles få observasjonar av musvåk i trekketidene frå Sveio.

**Fjellvåk** *Buteo lagopus***Nær truga (NT)**

Det føreligg ingen konkrete hekkefunn, men tips frå informantar kan tyde på at eit par hekkar i området ved Trollevassnibba i gode smågnagarår. Sjøåst årvisst i trekketidene vår og haust.



Lingheiane i Sveio har tidlegare vore rekna som vore gode orrfuglbiotopar, men bestanden ser ut til å vere på retur. Kanskje som ei følgje av attgroing. Foto: M.J. Steinsvåg.

**Kongeørn** *Aquila chrysaetos* **Nær truga (NT)**  
Fåtalog, men årvisst streifgjest, særleg vinterstid når ein del ungfuglar frå innlandet trekkjer ut mot kysten. M.a. vart ein ungfugl observert seglande over Haukås 24/3-2004 (M.J. Steinsvåg).

**Fiskeørn** *Pandion haliaetus* **Nær truga (NT)**  
Sjeldan og tilfeldig streifgjest. Berre to konkrete observasjonar frå Sveio. 1 ind. ved Grimsholmen 20/9-1987 og 1 ind. ved Førdsespollen 31/7-1995. Fiskeørna er ein årvisst gjest i Hordaland under trekket, men hekkar ikkje i fylket.

**Tårnfalk** *Falco tinnunculus*  
Mogleg fåtalog hekkefugl, og neppe årvisst, men det føreligg fleire observasjonar frå hekketida. Hekkar gjerne i tørre, solvarme bergveggar. Førekjem årvisst i trekketidene og enkelte individ kan overvintre i kyststroka.

**Dvergfalk** *Falco columbarius*  
Mogleg fåtalog hekkefugl. Førekjem årvisst i trekketidene og enkelte individ kan overvintre i kyststroka.

**Jaktfalk** *Falco rusticolus* **Nær truga (NT)**  
**Ansvarsart hekkebestand**  
Fåtalog trekkgjest. Hekkar i høgjellet i indre delar av fylket, men ein del ungfuglar trekkjer ut mot kysten om vinteren. Førekjem nok bort imot årvisst på streif også i Sveio, men det føreligg få stadfesta observasjonar. M.a. eit individ 22/5-1988 (Osaland 1989).

**Vandrefalk** *Falco peregrinus* **Nær truga (NT)**  
Fåtalog, men regelmessig trekk- og streifgjest. M.a. to individ på Mølstre 16/9-2000. Kan også overvintre langs kysten. Bestanden er i ekspansjon og dersom det finst eigna hekkeplassar (hekkar helst i loddrette, nokså høge bergveggar) er det sannsynleg at arten vil kunne etablere seg som hekkefugl også i Sveio.

#### HØNSEFUGLAR

**Lirype** *Lagopus lagopus*  
Sjeldan og tilfeldig gjest. Lirypa er i hovudsak knytt til fjellet, men skal ein sjeldan gong ha blitt observert i høgareliggjande delar av kommunen.

**Orrfugl** *Tetrao tetrix*  
Ganske vanleg hekkefugl. Knytt til ope og variert lyngheilandskap, men finst også i område med glissen skog. Ei kartlegging av orrfugl i Sveio som vart gjennomført i byrjinga på 1990-talet, viste at det var stor variasjon mellom ulike delar av kommunen (Jacobsen 1993, 2000). Dei sørvestre delane av kommunen hadde mest fugl, aller mest fann ein i området kring Emberlandsnipen. Fordi orrfuglen langs kysten gjerne er knytt til lyngheiområde, er bestanden i Sveio truleg i tilbakegang som ei følgje av attgroing.

**Storfugl** *Tetrao urogallus*  
Fåtalog hekkefugl knytt til større, samanhengande område med eldre furu- og blandingskog. Aktuelle storfuglområde i Sveio er knytt til furu-

skogsområda aust og nord i kommunen. Hogst av eldre furuskog, drenering av skogsmyrar og fragmentering av leveområda med vegar og kraftlinjer er negative faktorar for bestanden. Frå tidlegare er det registrert tre tiurleikar i Sveio. Desse vart ikkje funne att i 2004-2005, og det bør gjerast ein innsts for å få betre oversikt over storfuglbestanden i Sveio. Typisk avstand mellom spelplassar i eigna område er 2,5-3 km.

#### **Fasan** *Phasianus colchicus*

Asiatisk art som har blitt sett ut som jaktobjekt fleire stader i landet, også i Sveio på 1970- og 80-talet (slik utsetting er no forbode). Arten har ikkje klar å etablere ville bestandar over lengre tid i Hordaland, men hekkar på Jæren og rundt Oslofjorden.

#### **Jerpe** *Bonasa bonasia*

Ei jerpe vart sett ved Lyngholmen 24/1-1982 (Sætersdal 1984). Jerpa er imidlertid knytt til eldre granskog på Austlandet og i Trøndelag, og er svært stasjonær. Fuglen frå Lyngholmen må nok reknast som ikkje spontan, dvs. at det truleg er snakk om ein fugl som har rømt frå fangenskap.

#### **Vaktel** *Coturnix coturnix*

**Nær truga (NT)**

Eit individ vart observert ved Bulvik 1/11-1981 (LRSK), men funnet blir ikkje rekna som spontant, dvs. at fuglen mest sannsynleg hadde rømt frå fangenskap. Svært sjeldan art i Hordaland med berre åtte funn av antatt spontane fuglar.

### TRANEFUGLAR

#### **Vannrikse** *Rallus aquaticus*

**Sårbar (VU)**

Sannsynleg fåtalig hekkefugl knytt til næringsrike vatn og bekkedrag. Det er gjort fleire observasjonar i hekketida, m.a. eit syngande individ ved Nordskogvatnet 26/6-1999 (Falkenberg 2000). Arten er elles regelmessig men fåtalig vintergjest langs næringsrike vatn og bekkedrag, men lever svært skjult og blir difor sjeldan sett.

#### **Myrrikse** *Porzana porzana*

**Sterkt truga (EN)**

Mogleg fåtalig og sporadisk hekkefugl nytt til våtmark med frodig og tett vegetasjon. Observert i hekketida ved Rotatjørn/Vardavatnet i 1981 og ved Bjellandsvatnet 1982 (LRSK). Siste observasjon er to syngande individ ved Krokavatnet, Lauvås 17/6-2000 (Falkenberg 2001).

#### **Åkerrikse** *Crex crex*

**Kritisk truga (CR)**

Var tidlegare ein ganske vanleg hekkefugl i slåttemark, men hekkar i dag sjeldan og sporadisk. Modernisering i jordbruket, først og fremst tidlig, maskinell slått, har ført til dårleg reproduksjon og kraftig bestandsnedgang i Vest-Europa. Sporadiske observasjonar frå Sveio på 1980- og 90-talet. Berre tre er registrert frå Sveio i LRSK-arkivet i denne perioden, men det reelle talet er nok høgare enn dette kan gi inntrykk av.

#### **Sivhøne** *Gallinula chloropus*

**Nær truga (NT)**

Fåtalig og sporadisk vintergjest. Også sporadiske observasjonar vår og sommar. Helst knytt til grunne, næringsrike innsjøar med tett kantvegetasjon.

#### **Sothøne** *Fulica atra*

Påvist hekkande i Kyrkjettjørna i 1980 (Jostein Kjærandsen). Føre kjem sporadisk i trekketidene og om vinteren, truleg bort imot årvisst, men det finst få konkrete observasjonar. Helst knytt til grunne, næringsrike innsjøar, men kan òg førekomme i saltvatn om vinteren.

### VADEFUGLAR

#### **Tjeld** *Haematopus ostralgeus*

Vanleg hekkefugl langs kysten og kan også hekke ved ferskvatn. Sjøast ofte på næringsseek på dyrka mark, særleg i trekketidene.

#### **Sandlo** *Charadrius hiaticula*

Blir observert sparsamt langs kysten under hausttrekket. M.a. ni individ ved Viksefjorden 10/8-1987 (Osaland 1988).

#### **Heilo** *Pluvialis apricaria*

Fåtalig hekkefugl. I området ved Dynjo og ved Ryvarden finst ein liten, men unik bestand av såkalla "låglandsheilo" (Jacobsen 2000). Sjøast av og til på dyrka mark i trekketidene.

#### **Tundralo** *Pluvialis squatarola*

Fåtalig, men regelmessig trekkgjest ytst langs kysten om hausten.

#### **Vipe** *Vanellus vanellus*

**Nær truga (NT)**

Framleis relativt vanleg hekkefugl, men bestanden har gått sterkt tilbake, både i Sveio og elles i landet. Vipa er hos oss sterkt knytt til kulturlandskapet og maskinell drift med kraftig gylling og tidleg og slått påverkar bestanden negativt.



Vipa hekkar m.a. i kulturlandskapet rundt Bjellandsvatnet. Foto: M.J. Steinsvåg.



**Polarsnipe** *Calidris canutus*

Regelmessig trekkgjest langs kysten, men sjeldan i store tal. Mest vanleg under hausttrekket i juli-september, meir uvanleg om våren.

**Sandløpar** *Calidris alba*

Fåtalog trekkgjest langs kysten. M.a. 1 ind. ved Hjartholmen 12/9-1983.

**Dvergsnipe** *Calidris minuta*

Relativt fåtalog, men regelmessig trekkgjest langs kysten under hausttrekket.

**Temmincksnipe** *Calidris temminckii*

Sjeldan trekkgjest langs kysten. 2 individ ved Fjon i sept. 1983 og 1 ind. Hjartholmen 12/9-1983. Hekkar vierregionen i fjellet over store delar av landet, i Hordaland på Hardangervidda og ved Finse.

**Tundrasnipe** *Calidris ferruginea*

Fåtalog, men regelmessig trekkgjest langs kysten. M.a. eit individ 17/9-1988 (Osaland 1989).

**Fjøreplytt** *Calidris maritima*

Fåtalog, men regelmessig trekk- og vintergjest langs kysten. Over 30 individ vart rapportert frå Sveio 17/12-1988 (Osaland 1989). Som hekkefugl i Sør-Noreg er arten knytt til fjellet og hekkar i Hordaland m.a. på Hardangervidda.



Fjøreplytten sit ofte i små flokkar på svaberg på holmar langs kysten om vinteren. Foto: Frode Falkenberg.

**Myrsnipe** *Calidris alpina*

Ganske vanleg trekkgjest langs kysten, særleg om hausten. Også observert ved ferskvatn under vårtrekket. I Hordaland hekkar myrsnipa fåtalog på Hardangervidda.

**Fjellmyrløper** *Limicola falcinellus***Sårbar (VU)**

Sjeldan trekkgjest. Eit individ på Hjartholmen 16/8-1983 er einaste kjende observasjon frå Sveio (Sætersdal 1984).

**Brushane** *Philomachus pugnax***Datamangel (DD)**

Fåtalog, men ganske regelmessig trekkgjest om hausten. M.a. vart 7 individ observert rastande ved Viksefjorden 10/8-1987 (Osaland 1988). I Hordaland er brushanen fåtalog hekkefugl på Hardangervidda, men bestanden er i tilbakegang.

**Kvartbekkasin** *Limnocyptes minimus*

Arten nok ein regelmessig vintergjest ved vatn og vassdrag, sjølv om han sjeldan blir sett. Må nærmast trakkast på før han flyg opp. Av konkrete observasjonar kan nemnast eit individ ved Mannavatnet 22/10-1989 (Anon 1990).

**Enkeltebekkasin** *Gallinago gallinago*

Vanleg hekkefugl ved fuktige myrområde og kulturmark. Er i hovedsak trekkfugl, men forsøk på overvintring er ikkje uvanleg.

**Rugde** *Scolopax rusticola*

Ganske vanleg hekkefugl i fuktig blandingskog og rik undervegetasjon. Trekkfugl, men overvintring er ikkje uvanleg.

**Lappspove** *Limosa lapponica*

Truleg regelmessig gjest under hausttrekket, men fåtalog. Observert m.a. på Hjartholmen og ved Ryvarden. Eit par vart observert ved Kyrkjettjærn 11/5-1984 (Osaland 1985).

**Småspove** *Numenius phaeopus*

Fåtalog, men nokså regelmessig trekkgjest, helst under vårtrekket. Rastar av og til på dyrka mark. M.a. eit individ ved Mannavatnet 2/7-1990 (Anon. 1991).

**Storspove** *Numenius arquata***Nær truga (NT)**

Tidlegare ganske vanleg, men no fåtalog hekkefugl i opne kulturmarksområde som beitemark og lynghei. Bestanden har gått tilbake dei seinare åra, truleg som ei følge av endra driftsformer i landbruket, som m.a. har ført til attgroing av lyngheiane og mindre areal med open beitemark.

**Sotsnipe** *Tringa erythropus*

Fåtalog trekkfugl i Hordaland, oftast enkeltvis eller nokre få saman i august-september. Få observasjonar frå Sveio. M.a. 2 ind. ved Viksefjorden 10/8-1987 og 1 ind. ved Mannavatnet 22/10-1989.

**Raudstilk** *Tringa totanus*

Var tidlegare ganske vanleg hekkefugl ved våtmark, men bestanden har gått kraftig tilbake i låglandet over heile fylket dei siste 20 åra, utan at ein kjenner årsakene til dette. Eit hekkande par vart registrert ved Kovatjærna ved Vandaskog sommaren 2004 (M.J. Steinsvåg).

**Gluttsnipe** *Tringa nebularia*

Fåtalig, men regelmessig trekkgjest. M.a. 6 individ ved Viksefjorden 10/8-1987 (Osaland 1988).

**Skogsnipe** *Tringa ochropus*

Fåtalig, men truleg regelmessig trekkgjest. Sjøast helst enkeltvis ved ferskvatn. Austleg art som er påvist hekkande nokre få stader i Hordaland. Trekket om hausten startar tidleg (juli/august). Eit individ observert ved Banddalstjørna 16/8-2002 (Jostein Kjærandsen m.fl).

**Grønstilk** *Tringa glareola*

Sjeldan trekkgjest langs kysten av Hordaland. Eit individ ved Bjellandsvatnet 14/5-1984 (Osaland 1985).

**Strandsnipe** *Actitis hypoleucos*

Vanleg hekkefugl ved vatn og vassdrag, og er også vanleg å sjå i strandkanten ved fjorden.

**Steinvendar** *Arenaria interpres*

Fåtalig, men årvisst gjest langs kysten under trekket og i vinterhalvåret. Sit ofte på svaberget på øyar og holmar. Skal også vere observert på øyane vest i kommunen om sommaren, men hekking er ikkje påvist.

**JOAR, MÅSAR OG TERNER****Polarjo** *Stercorarius pomarinus*

Sjeldan trekkgjest langs den ytre Hordalandskysten. Eit individ observert ved Hjartholmen 14/8-1983 (Sætersdal 1984) er einaste observasjon frå Sveio.

**Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus* **Nær truga (NT)**

Tjuvjoen hekka tidlegare på fleire av øyane vest i kommunen (m.a. sannsynleg hekking på Midvikøya i 1982), men arten er så godt som borte som hekkefugl i dag. I 2005 hekka det eit par i kom-

munen, og desse fekk fram ein unge (opptil to par har hekka på denne lokaliteten, men det er nokre år sidan). Dette er så langt den siste kjende hekkinga av tjuvjo i Hordaland, og i 2006 vart det ikkje sette tjuvo i området. Tidlegare var tjuvjoen ein ganske vanleg hekkefugl mange stader langs kysten av Hordaland, men i dag hekkar kanskje 1-2 par i eit godt år.

**Storjo** *Stercorarius skua*

Regelmessig, men fåtalig trekkgjest langs den ytre Hordalandskysten, men førekjem sjeldan innaskjers. Observert nokre gonger vest for Ryvarden, m.a. 1 ind. 3/8-1981.

**Hettemåse** *Larus ridibundus* **Nær truga (NT)**

Ein koloni på over 60 individ vart registrert ved Viksefjorden i 1988 (Osaland 1989), men det er usikkert om hettemåsen hekkar i kommunen i dag.

**Fiskemåse** *Larus canus*

Vanleg hekkefugl, både ved sjøen og ved ferskvatn, men kan også hekke langt frå vatn. Større koloniar bør kartleggast og visast omsyn i arealplanlegginga.

**Sildemåse** *Larus fuscus*

Regelmessig hekkefugl i skjergarden. Hekkar ofte i blandingskoloniar med gråmåse. Bestanden av sildemåse har i nokre år vore i kraftig tilbakegang langs store delar av kysten. Årsakene til bestandsnedgangen er ukjende, men næringsvikt er den mest sannsynlege årsaka. Sildemåsen er trekkfugl som forlet landet i august. Ungfuglane returnerer normalt ikkje før i treårsalderen.

**Gråmåse** *Larus argentatus*

Vanleg hekkefugl på holmar i skjergarden. Hekkar i koloniar, ofte saman med andre måseartar. Den største kolonien i Sveio finn ein nok på Hjartholmen, der 100 individ vart observert i 1997 (Byrkjeland 1999).



Tjuvjoen er så godt som borte som hekkefugl frå Hordaland. Siste kjende hekking i fylket fann stad i Sveio i 2005. Foto: Ingvar Grastveit.

**Polarmåse** *Larus hyperboreus*

Sjeldan gjest frå polarstroka i vinterhalvåret. M.a. 1 ind. Auklandshamn 23/1-1982.

**Svartbak** *Larus marinus*      **Ansvarsart hekkebestand**

Ganske vanleg hekkefugl langs kysten, men mindre vanleg enn gråmåsen. Hjartholmen er ein viktig lokalitet for svartbaken, rundt 20 par vart registrert her i 1997 (Byrkjeland 1999).

**Krykkje** *Rissa tridactyla*      **Sårbar (VU)****Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig streifgjest langs vestkysten, sjåast helst i vinterhalvåret. I Hordaland er hekking berre kjent frå Geitung, vest i Bømlo kommune, men kolonien eksisterte i berre eit par år.

**Splitterne** *Sterna sandvicensis*

To individ ved Hjartholmen 9/7-1993 (NSKF) er einaste funn i Sveio. I Hordaland føreligg det totalt 10 funn av til saman 13 individ.

**Makrellterne** *Sterna hirundo*      **Sårbar (VU)**

Hekkar i koloniar (ofte saman med raudnebbterne) på holmar og skjer langs kysten, m.a. på Snøreholmen. Hekkebestanden av ternar langs kysten av Hordaland har gått kraftig tilbake dei siste åra og mange tidlegare hekkeholmar står tomme.

**Raudnebbterne** *Sterna paradisaea*

Hekkar i koloniar (ofte saman med makrellterne) på holmar og skjer langs kysten, m.a. på Snøreholmen. Hekkebestanden av ternar langs kysten av Hordaland har gått kraftig tilbake dei siste åra og mange tidlegare hekkeholmar står tomme.



Tidlegare hekka både raudnebbterne (bildet) og makrellterne på holmar i Sveio, men dei siste åra har hekkinga uteblitt mangs stader langs Vestlandskysten. Foto: I. Grastveit.

**ALKEFUGLAR****Lomvi** *Uria aalge*      **Kritisk truga (CR)**

Hekkar ikkje i Sveio eller i Hordaland elles, men førekjem fåtalig langs vestsida, heile året. Mest vanleg i vinterhalvåret.

**Alke** *Alca torda*

Hekkar ikkje i Sveio eller i Hordaland elles, men førekjem fåtalig langs vestsida, heile året, men særleg i vinterhalvåret. Mindre vanleg enn lomvi.

**Teist** *Cepphus grylle*      **Nær truga (NT)**

Hekka tidlegare med 3-8 par på Hjartholmen (Tjelle mfl. 1984), men det er usikkert om arten hekkar i kommunen i dag. Nokre få par hekkar truleg framleis på Sørøyane i Bømlo. Bestanden har gått kraftig tilbake i Hordaland dei seinare åra, og i heile fylket hekkar berre nokre få par. Predasjon frå mink og svikt i næringsgrunnlaget er moglege årsaker.

**Alkekonge** *Alle alle*

Overvintrar i varierende tal langs Hordalandskysten og er mest vanleg i november-januar. I Sveio sjåast arten oftast i Bømlafjorden og på Sletta, men er også observert i Førdespollen, m.a. tre individ 9/11-1987 (Osaland 1988). Nærmaste hekkeområde er Svalbard.

**Lunde** *Fratercula arctica*      **Sårbar (VU)**

Lunden førekjem i varierende tal langs den ytre Hordalandskysten utanom hekketida, med ein markert topp i april-mai. Blir av og til observert langs vestsida av Sveio. Eit eller to par kan kanskje ha hekka på Sørøyane i Bømlo kommune, men hekkar elles ikkje i Hordaland.

**DUER****Bydue** *Columba livia*

Skal vere observert, men det er viktig å vere merksam på at tamformer (tamdue/brevdue) lett kan forvekslast med bydue. Næraste kjente hekkestad er Haugesund by.

**Skogdue** *Columba oenas*

Sjeldan trekkgjest. Berre ein observasjon er innmeldt til LRSK: Eit individ ved Vestvik 1/9-1983. Sjeldan art i Hordaland, med berre 15 observasjonar etter 1970 (LRSK).

**Ringdue** *Columba palumbus*

Ganske vanleg hekkefugl. Søker næring i jordbruksområde, men hekkar i skog. Er i hovudsak trekkfugl, men overvintring er ikkje uvanleg.

**Tyrkardue** *Streptopelia decaocto*      **Sårbar (VU)**

Det skal vere fleire spreidde observasjonar, men ingen er tid- eller stadfesta. Arten er knytt til busetnad og jordbruksområde. Standfugl.

**Turteldue** *Streptopelia turtur*

Eit individ observert i Eltravåg 3/8-2002 er einaste funn frå Sveio (Falkenberg 2003). Elles litt over 50 funn totalt i Hordaland.



## GAUKAR

### **Gauk** *Cuculus canorus*

Fåtalig hekkefugl. Gauken avhengig av tilgang på vertsartar som godtar å få eit gaukeegg i reiret. Heiplierka ser ut til å vere viktigaste vertsart på våre kantar. Trekkfugl som kjem i mai og trekker bort i juli-august.

## UGLER

### **Hubro** *Bubo bubo*

**Sterkt truga (EN)**

Fåtalig hekkefugl, truleg helst i tilknytning til lyngheiområde og skjergard vest i kommunen. Seks eldre hekkeområde er kjent, men status for desse lokalitetane i dag er usikker. Ei reinventering av desse lokalitetane bør vere ei prioritert oppgåve i den vidare kartlegginga av viltet i Sveio. Attgroing av lyngheiområde kan ha hatt negativ effekt på bestanden. Høgspenlinjer er også ein negativ faktor.



Kjerneområdet for hubro i Hordaland er knytt til lyngheiområda og skjergarden langs kysten. Truleg hekkar det framleis nokre få par i Sveio. Foto: Frode Falkenberg.

### **Haukugle** *Surnia ulula*

Sjeldan streifgjest, men kan opptre i samband med såkalla invasjonar. Invasjonar førekjem etter gode produksjonsår på Taigaen med påfølgande sammenbrot i smågnager-bestandane. Observert ca. 30 gonger på ulike stader i Sveio frå hausten 1983 og vidare utover vinteren (Tjelle mfl. 1984).

### **Sporveugle** *Glaucidium passerinum*

Skal vere observert av og til om vinteren (Tjelle mfl. 1984), men ingen konkrete observasjonar føreligg. Sjeldan art i Hordaland som berre har ein liten hekkebestand i Voss kommune.

### **Kattugle** *Strix aluco*

Ganske vanleg hekkefugl, gjerne i nærleiken av busetnad og kulturlandskap der tilgangen på smågnagarar er god. Hekkar gjerne i bustadområde. Tek gjerne i bruk fuglekassar, og kan hekke i ventilar, skorsteinar og andre kunstige holrom.

### **Hornugle** *Asio otus*

Skal ha hekka ved Valevåg i 1977 (Tjelle 1984). Sjeldan art i Hordaland, med berre eit fåtal hekkfunn.

### **Jordugle** *Asio flammeus*

Fåtalig og uregelmessig trekkgjest. Knytt til opne område.

### **Perleugle** *Aegolius funereus*

Perleugla kan enkelte år opptre invasjonsarta (frå den russiske Taigaen) og kan då treffast på langs heile Vestlandskysten. Skal vere observert i Sveio i vinterhalvåret (Tjelle mfl. 1984), men vi kjenner ingen konkrete observasjonar. Hekkar berre sporadisk i Hordaland, og kan truleg hekke etter invasjonsår.

## NATTRAVNAR

### **Nattravn** *Caprimulgus europaeus*

**Sårbar (VU)**

Svært sjeldan trekkgjest med totalt 11 funn i Hordaland. Eit individ vart skoten i Sveio 10/9-1930 (LRSK-arkivet).

## SEGLARAR

### **Tårnseglar** *Apus apus*

Bliir ofte observert sommarstid, men hekking er ikkje kjent. Tårnseglaren kan flyge svært langt frå hekkeplassen under næringsssøk. Også sporadiske observasjonar under trekket. Rundt 300 individ er rapportert frå Sveio kommune 26/7-1987 (Osaland 1988).

## RÅKEFUGLAR

### **Isfugl** *Alcedo atthis*

Eit individ vart sett ved Førdespollen 14/10 og 18/11-1995 (LRSK), truleg det same individet. Isfuglen førekjem svært sjeldan i Hordaland (31 funn) og blir helst observert vinterstid.

### **Bieter** *Merops apiaster*

Svært sjeldan gjest frå det sørlege Europa. Berre to funn i Hordaland, det eine var eit individ som heldt seg ved Vestvik 25-28/6-1989 (NSKF).

### **Hærfugl** *Upupa epops*

Sjeldan og sporadisk trekkgjest med totalt ca. 40 funn i Hordaland. Eit individ ved Førde 24/8-1990 (LRSK) er einaste observasjon frå Sveio.

## SPETTEFUGLAR

### **Vendehals** *Jynx torquilla*

Sjeldan hekkefugl tidlegare (Tjelle mfl. 1984), men status i dag er usikker. Siste konkrete observasjon frå Sveio er frå 15/8-1987 (Osaland 1988). Vendehalsen hekkar i opne blandings-

skogar, ofte i tilknytning til kulturlandskapet, og kan ta i bruk fuglekasser. Bestanden har gått kraftig tilbake over heile landet dei siste åra utan at ein kjenner årsakene til dette. Men vende- halsen er trekkfug og det er sannsynleg at årsakene til bestandsnedgangen er å finne i overvintringsområda i tropisk Afrika.

**Gråspett** *Picus canus* **Nær truga (NT)**

Fåtalog hekkefugl i område med eldre skog med innslag av død ved og eldre ospoholt. Førkomst av osp er avgjerande for gråspetten i hekketida. Gråspetten trekkjer ut mot kystlyngheiane i september-oktober frå hekkeplassar lenger aust. I denne perioden er det ikkje uvanleg å treffe på arten både i mindre skogsparti og i meir trelause område der den vesentleg lever av maur.

**Grønspett** *Picus viridis*

Mogleg fåtalog hekkefugl, helst i litt eldre sukse- sjonsstadiet av lauvskog med innslag av osp. Maur er viktig næring og grønspetten lagar ofte karakteristiske hol i maurtuer.

**Svartspett** *Dryocopus martius*

Eit individ ved Røykenes 6/3-1981 (LRSK) er einaste funn frå Sveio. Svartspetten er ein aust- leg art som er svært stasjonær, og førekjem difor svært sjeldan i Hordaland. Totalt 21 funn i fylket.

**Flaggspett** *Dendrocopos major*

Sannsynleg fåtalog hekkefugl. Mindre kravstor til hekkeområdet enn dei andre spettane og lever m.a. av konglefrø om vinteren (som blir hakka ut i såkalla spettesmier). Flaggspetten kan opptre invasjonsarta enkelte år, og er gjerne mest talrik haust og vinter.

**Kvitryggspett** *Dendrocopos leucotos* **Nær truga (NT)**

Sannsynleg fåtalog hekkefugl knytt til større område med eldre skog og god tilgang på død ved. M.a. vart ein hann observert på Hopsfjellet 24/3-2004 (M.J. Steinsvåg).



Hakkemerke på furugadd, truleg etter kvitryggspett. Foto: M.J. Steinsvåg.

**Dvergspett** *Dendrocopos minor* **Sårbar (VU)**

Fåtalog hekkefugl, helst i lauvskog og blanding- skog med god tilgang på døde og døande tre. Eit individ observert Grytenes ved Ålfjorden 18/2- 2004 (M.J. Steinsvåg).

**Tretåspett** *Picoides tridactylus* **Nær truga (NT)**

Eit individ ved Førde 28/3-1981 (LRSK) er einaste kjende observasjon frå Sveio. Hekkar i gammal barskog i indre delar av landet og føre- kjem svært sjeldan i Hordaland (totalt 12 funn i fylket).

## SPORVEFUGLAR

**Topplerke** *Galerida cristata*

Eit individ på Hjartholmen 5/10-1981 (NSKF) er einaste funn i Sveio. Dette er eit av berre tre funn i Hordaland.

**Songlerke** *Alauda arvensis*

**Nær truga (NT)**

Fåtalog hekkefugl knytt til jordbruksområde og lynghei. Bestanden har truleg minka som ei følge av endringar i landbruket. Trekkfugl, men kan også overvintre.

**Sandsvale** *Riparia riparia*

Fåtalog hekkefugl i sandtak med bratte, faste kantar. Nokre få koloniar er kjent frå tidlegare, men alle desse har no grodd til eller rasa ut. Observasjonar av sandsvale ved Bjellandsvatnet sommaren 2004, kan likevel tyde på at det framleis finst hekkeplassar i området.

**Låvesvale** *Hirundo rustica*

Vanleg hekkefugl knytt til jordbrukslandskapet. Hekkar ofte i opne driftsbygningar og naust.

**Taksvale** *Delichon urbica*

Hekkefugl, men truleg ganske fåtalog. Hekkar i koloniar under takskjegget på utsida av bygnin- gar. I indre delar av fylket er det ikkje uvanleg at taksvale hekkar i bergveggar.

**Trepiplerke** *Anthus trivialis*

Vanleg og ganske talrik hekkefugl i skog. Hekkar gjerne i litt open skog og i skogkantar mot myr.

**Heiplierke** *Anthus pratensis*

Svært vanleg hekkefugl i Fjell, og ein karakterart for kystlyngheiane. Trekkfugl som kjem i april. Svært talrik på hausttrekket, framfor alt i august-oktober.

**Skjærpiplerke** *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**

Fåtalog hekkefugl på holmar og skjer med lyng og grasvegetasjon i vestre del av kommunen. Ganske vanleg under trekket og overvintrar fåtalog.



**Gulerle** *Motacilla flava thunbergii*

Sjeldan trekkgjest som av og til blir observert om våren (Tjelle mfl. 1984), men konkrete observasjonar manglar

**Vintererle** *Motacilla cinerea*

Sjeldan trekkgjest i Sveio, men hekkar fåtalig ved vassdrag i indre delar av fylket, der bestanden har auka dei seinare åra. Frå Sveio finst det berre to kjende observasjonar: Eit individ på Lindøy 16/10-1977 og eit ved Fjonelva i oktober 1982 (Tjelle m.fl. 1984).

**Linerle** *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og langs vassdrag. Den britiske underarten, svartryggerle *M.a. yarrellii*, er observert fleire gonger, sist i Buavåg 24/4-1999 (Falkenberg 2000).



Linerle. Foto: Frode Falkenberg.

**Sidensvans** *Bombycilla garrulus*

Fåtalig, men nokså årvisst vintergjest. Talet varierer mykje frå år til år. M.a. 15 individ observert 24/10-2005 Sveio sentrum (Lars Økland).

**Fossefall** *Cinclus cinclus*

Fåtalig hekkfugl langs litt større bekkar med hurtigrennande vatn, men vi kjenner ikkje til nøyaktig kartfesta hekkplassar. Fåtalig også om vinteren (kan då også sjåast ved meir stillestående vatn), men det føregår truleg eit visst tilsig av fuglar frå innlandet på denne årstida. Mange norske fossefallar overvintrar i Østersjøområdet (Danmark og Sør-Sverige).

**Gjerdsmett** *Troglodytes troglodytes*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog og skogholt med tett undervegetasjon. Dei fleste trekkjer ut av landet vinterstid, men overvintring er vanleg på Sørvestlandet. Gjerdsmetten etablerer vinterterritorium og kan synge heile året.

**Jernspurv** *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon i kulturlandskapet. Enkeltindivid kan overvintre.

**Raudstrupe** *Erithacus rubecula*

Vanleg og talrik hekkefugl i all slags skog. Dei fleste trekkjer ut av landet i september-oktober, til vinterkvartér i Vest-Europa og Nord-Afrika, men enkeltindivid overvintrar vanleg.

**Blåstjert** *Tarsiger cyanurus*

Svært sjeldan gjest frå nordaustlege barskogar (Taigaen). Eit individ vart ringmerka i Vestvik 25/9-1987 (NSKF) og dette er det einaste funnet i Hordaland.

**Raudstjert** *Phoenicurus phoenicurus*

Sannsynleg fåtalig hekkefugl. Karakterart for eldre furuskog på skrinne mark, men kan også hekke i andre skogtypar. Eit syngande individ rapportert frå Sveio 4/6-1985 (Osaland 1986). Førekjem nok ganske regelmessig, men fåtalig, i trekketidene.

**Buskskvett** *Saxicola rubetra*

Ganske vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og ved våtmark.

**Svartstrupe** *Saxicola torquata*

**Nær truga (NT)**

Truleg sporadisk hekkefugl. Knytt til lyngheiområde. Eit par hadde tilhald ved Krokavatnet 14/5-1978 og ein hann vart sett ved Nordskog 16/4-1992 (LRSK). Totalt 34 funn i fylket.

**Steinskvett** *Oenanthe oenanthe*

**Nær truga (NT)**

Framleis ganske vanleg hekkefugl ved beitemark og lynghei, men bestanden har gått tilbake. Også vanleg under trekket, kjem i april og trekker bort i september-oktober.

**Ringtrast** *Turdus torquatus*

Fåtalig hekkefugl ved Trollevassnibba. Skal også hekke fleire stader sør og sørvest i kommunen (Tjelle mfl. 1984). Ringtrasten hekkar meir vanleg i fjellterreng eller i bjørkebeltet opp mot fjellet i indre delar av fylket.

**Svarttrast** *Turdus merula*

Svært vanleg hekkefugl i all slags skog. Talrik på trekket i mars-april og september-november. Mange overvintrar, men dei fleste trekker til Dei Britiske Øyar.

**Gråtrast** *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl, ofte i mindre koloniar i skogholt inntil dyrka mark og hagar. Talrik på trekket, særleg om hausten. Enkelte år, særskilt etter ein god bærhaust, kan mange overvintre, men dei fleste trekker ut av landet til vinterområde i Vest-Europa.

**Måltrast** *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skog. Kjem frå slutten av mars og trekker bort i september-oktober til vinterom-

råde i Sør-Europa og Nord- Afrika. Talrik på trekket, men i mindre mengder enn svarttrast, gråtrast og raudvingetrast.

#### **Raudvingetrast** *Turdus iliacus*

Vanleg hekkefugl i skog. Kjem frå slutten av mars, men dei fleste dukkar opp i april. Svært talrik på trekk om hausten i oktober, då store mengder av arten kjem frå nordlege og austlege skogsområde på veg mot vinterkvartér i Vest-Europa. Nokre overvintrar, særleg etter ein god bærhaust.

#### **Duetrast** *Turdus viscivorus*

Fåtalig til sjeldan trekkgjest. Hekkar i austlege skogstrakter, i Noreg ofte i furuskog. I Hordaland berre funnen hekkande nokre få gonger. Overvintrar i Sør- og Vest-Europa. 4 sørtrekkande ind. ved Søreivåge 21/10-1983 (Tjelle mfl. 1984).

#### **Grashoppesongar** *Locustella naevia* **Sårbar (VU)**

Sjeldan trekkgjest og mogleg sporadisk hekkefugl. Knytt til våtmark eller tett vegetasjon i kulturlandskapet. Totalt fire observasjonar frå Sveio: 1 ind. ved Vardavatn mai 1980, 1 ind. ved Rotatjørn juni 1981, 1 ind. ved Bjellandsvatnet 15/5-1982 og 2 ind. ved Rotatjørn 28/5-1987 (LRSK).

#### **Sivsongar** *Acrocephalus schoenobaenus*

Etablerte seg i Sveio rundt midten av 1970-talet og er no ein ganske vanleg hekkefugl ved næringsrike innsjøar. Særleg knytt til takrøyr, men kan også hekke i annan vegetasjon. Sveio har truleg den største bestanden av sivsongar i Hordaland.



Sveio har truleg den største hekkebestanden av sivsongar i Hordaland. Oftast kan han høyrast i tett vegetasjon, gjerne takrøyr, ved næringsrike våtmarker. Fuglen på bildet er i så måte litt utypisk. Foto: Ingvar Grastveit.

#### **Myrsongar** *Acrocephalus palustris*

Eit individ ringmerka Vestvik 25/8-1989 (LRSK) var det første funnet av arten i Hordaland og så langt det einaste i Sveio. Framleis er det berre fem funn av arten fylket. Myrsongaren hekkar regelmessig langs kysten frå Rogaland til svenskegrensa og i låglandet austpå, i halvøpe, fuktig terreng. Eit fåtal hekkefunn er gjort lenger nord på Vestlandet.

#### **Røyrsongar** *Acrocephalus scirpaceus*

Sjeldan hekkefugl knytt til næringsrike innsjøar med takrøyr. Vart første gong observert i Sveio i 1978, men hekking vart ikkje påvist før i 1988, då det vart gjort hekkefunn ved Rotatjørn (LRSK). Totalt ca. 40 funn av arten i Hordaland.

#### **Trastesongar** *Acrocephalus arundinaceus*

Eit syngande individ ved Nordskogvatnet 13-25/6-1983 er einaste funn i Hordland (NSKF). Detaljar rundt funnet vart publisert i ein eigen artikkel (Jacobsen mfl. 1984).

#### **Gulsongar** *Hippolais icterina*

Fåtalig hekkefugl. M.a. vart 3 individ registrert syngande på Nordskog 24/5-2001 (J. Kjærandsen). Gulsongaren er ein karakterart for fuktig oreskog ved elvar og vatn, men kan også hekke i andre skogtypar.

#### **Hauksongar** *Sylvia nisoria*

**Kritisk truga (CR)**

Sjeldan trekkgjest. Eit individ ved Vestvik 6/7-1983 er einaste funn i Sveio (LRSK). Elles langs kysten ein sjeldan, men ganske regelmessig trekkgjest, oftast i august og første halvdel av september. Totalt 26 funn i Hordaland.

#### **Møllar** *Sylvia curruca*

Sjeldan art på Vestlandet, men det er gjort nokre få, spreidde hekkefunn i fylket. Vart observert årleg i Sveio på 1980-talet (Tjelle mfl. 1984), men få rapporterte observasjonar etter dette. M.a. eit ind. ved Bjellandsvatnet 7/5-1999.

#### **Tornsongar** *Sylvia communis*

Ganske vanleg hekkefugl i halvøpe terreng som beitemark og lynghei med innslag av buskar og kratt.

#### **Hagesongar** *Sylvia borin*

Tjelle mfl. (1984) oppgir arten som vanleg hekkefugl i Sveio, og vanlegare enn munk. Dette stemmer ikkje overeins med situasjonen for resten av fylket der hagesongaren er heller sjeldan som hekkefugl, medan munken er svært vanleg. Hekkar i rik lauvskog og kantskog. Trekkfugl som kjem seint i mai og trekker sørover alt frå juli/august. Førekjem relativt vanleg langs Hordalandskysten i trkktida om hausten.

**Munk** *Sylvia atricapilla*

Vanleg hekkfugl i rikare lauvskog og kantskog. Tjelle mfl. (1984) meiner at munken som hekkfugl i Sveio ser ut til å vere i mindretal i forhold til hagesongar. Dette stemmer dårleg overeins med situasjonen for resten av fylket og bør undersøkast nærmare. Trekkfugl som kjem i mai og drar i september-oktober. Enkeltindivid kan overvintrare.

**Gulbrynsongar** *Phylloscopus inornatus*

Sjeldan trekkgjest om hausten frå taigasona i Russland. Er dei siste åra observert årleg i Hordaland (totalt ca. 60 funn), men berre to funn frå Sveio: 1 ind. ringmerka Vestvik 17/9-1988 og 1 ind. ringm. Førde 7/10-1989 (LRSK).

**Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix* **Nær truga (NT)**

Sjeldan art i Hordaland, men spreidde observasjonar blir innrapportert årleg. Knytt til open lauvskog. Tjelle mfl. (1984) nemner fem funn frå Sveio, men det føreligg ikkje tid- og stadfesta funn etter dette.

**Gransongar** *Phylloscopus collybita*

Vanleg hekkfugl i rikare lauvskog. Ein av dei tidlegaste trekkfuglane om våren.

**Lauvsongar** *Phylloscopus trochilus*

Svært vanleg og talrik hekkfugl i alle typar skog og buskvegetasjon. Truleg den mest talrike hekkfuglen i kommunen, som i det meste av landet elles.

**Fuglekonge** *Regulus regulus*

Vanleg hekkfugl i barskog. Kan vere talrik under trekket og kan førekome invasjonarta. Mange overvintrar.



Fuglekonge. Foto: Frode Falkenberg.

**Gråflugesnappar** *Muscicapa striata*

Fåtalog til vanleg hekkfugl i halvopen lauv- og blandingskog.

**Svartkvitflugesnappar** *Ficedula hypoleuca*

Ganske vanleg hekkfugl i skog med tilgang på reirhol. Vanleg art i fuglekassar.

**Stjertmeis** *Aegithalos caudatus*

Fåtalog hekkfugl i open lauv- og blandingskog. Førekjem fåtalog i småflokkar, ofte saman med andre meiseartar, i trekktidene og på streif om vinteren. Invasjonsart som opptreir meir vanleg enkelte år.

**Lauvmeis** *Parus palustris*

Vanleg, men relativ fåtalog hekkfugl i lauv- og blandingskog. Stadvis vanleg art på fuglebrettet om vinteren. Svært stasjonær også om vinteren.

**Granmeis** *Parus montanus*

Ganske vanleg hekkfugl i furuskog, helst litt eldre skog. Vanlegvis svært stasjonær også om vinteren.

**Toppmeis** *Parus cristatus*

Truleg ganske vanleg hekkfugl i eldre barskog. Standfugl.

**Svartmeis** *Parus ater*

Ganske vanleg hekkfugl i barskog. Gjerne knytt til granskog og har vorte meir vanleg på kysten ettersom mange granplantefelt har vokst seg til. Stand- og streiffugl. Invasjonsart som enkelte haustar er mykje meir talrik enn vanleg.

**Blåmeis** *Parus caeruleus*

Vanleg og talrik hekkfugl i lauv- og blandingskog. Hekkar ofte i busette område og tar gjerne i bruk fuglekassar og andre kunstige holrom.

**Kjøtmeis** *Parus major*

Vanleg og talrik hekkfugl i lauv- og blandingskog. Hekkar ofte i busette område og tar gjerne i bruk fuglekassar og andre kunstige holrom.

**Spettmeis** *Sitta europaea*

Ganske vanleg hekkfugl som helst hekkar i eldre lauvskog, særleg i område med førekost av eik. Tar òg i bruk fuglekassar. Ikkje uvanleg på fuglebrettet vinterstid.

**Trekrypar** *Certhia familiaris*

Fåtalog hekkfugl i litt eldre bar- og blandingskog. Stand- og streiffugl, ofte kan enkeltindivid sjåast i såkalla meiseflokkar – flokkar med ulike meiseartar som streifar rundt på næringsøk vinterstid.

**Pirol** *Oriolus oriolus*

Svært sjeldan trekkgjest med berre fem funn i Hordaland. Eit av desse er eit udatert funn frå Framnes i 1971 (LRSK).

**Tornskate** *Lanius collurio***Sårbar (VU)**

Sjeldan og sporadisk art i Hordaland. I Sveio er arten funnen hekkande på Auklandshamn 7/8-1984 (LRSK) og ein hann med ein unge vart sett i



juli 1998 (Falkenberg 1999). I tillegg føreligg det observasjonar av 1 hann ved Ekrene 23/5-1979, 1 ind. ved Furevatnet våren 1983 (Tjelle mfl. 1984) og 1 hann ved Husavatnet 20/8-1998 (Falkenberg 2000).

**Varslar** *Lanius excubitor* **Nær truga (NT)**  
Sjeldan, men årvisst trekk og vintergjest i Hordaland. Er funnen hekkande i fylket eit par gonger. Det eine hekkefunnet er frå Framnes i Sveio i 1970 (LRSK). Elles nemner Tjelle mfl. (1984) om tre observasjonar frå Sveio: 1 ind. Auklandshamn sept. 1974, 1 ind. ved Vigdarvatnet 2/10-1977 og 1 ind. Staube 25/10-1980. I tillegg vart 1 ind. sett ved Dynjo 26/12-2005 (Falkenberg mfl. 2006).

**Nøtteskrike** *Garrulus glandarius*  
Ganske vanleg hekkefugl i barskog. Anonym i hekketida, men er vanleg å sjå på fuglebrettet om vinteren.

**Skjor** *Pica pica*  
Vanleg og talrik hekkefugl i tilknytning til jordbruksområde og busetnad.

**Nøttekråke** *Nucifraga caryocatactes*  
Usikker status i Sveio. Mogleg hekkefugl, men er berre observert i vinterhalvåret. Hekkar enkelte stader i fylket i eldre granfelt med hassel i nærleiken.

**Kaie** *Corvus monedula*  
Regelmessig, men fåtalig streifgjest, av og til i kråkeflokkar. Det føreligg observasjonar frå alle årstider, men ingen indikasjonar på hekking. M.a. 4 individ ved Førde 3/4-1988 (Osaland 1989).

**Kornkråke** *Corvus frugilegus*  
Spreidde observasjonar av enkeltindivid haust og vår, ofte saman med kråke (Tjelle mfl. 1984).

**Kråke** *Corvus cornix*  
Vanleg hekkefugl i skog og skogholt, oftast i nærleiken av jordbruksområde og busetnad.

**Ramn** *Corvus corax*  
Sjåast ofte, men må reknast som fåtalig hekkefugl. Hekkar typisk i loddrette bergveggar, helst under overheng.

**Stare** *Sturnus vulgaris* **Nær truga (NT)**  
Framleis vanleg hekkefugl knytt til jordbrukslandskapet, men bestanden har gått kraftig tilbake på landsbasis. Hekkar i holrom og tar ofte i bruk fuglekassar. Dei fleste norske starar overvintrar i Storbritannia og Vest-Europa, men overvintring langs kysten av Vest-Noreg er ikkje uvanleg.



Staren er framleis ein vanleg art i jordbrukslandskapet i Sveio. Foto Ingvar Grastveit.

**Gråspurv** *Passer domesticus*  
Vanleg hekkefugl i tilknytning til jordbruksområde og busetnad.

**Pilfink** *Passer montanus*  
Fåtalig hekkefugl. M.a. liten bestand registrert i Sveio sentrum (Jacobsen 2000). Påvist også som hekkfugl i Førde i 1980 (Kålås 1981). Ganske sjeldan hekkefugl elles i Hordaland.

**Bokfink** *Fringilla coelebs*  
Svært vanleg og talrik hekkefugl i all slags skog. Trekkfugl som kjem frå slutten av mars og trekker bort i september-oktober til vinterkvartér i Storbritannia og Vest-Europa. Overvintring er sjeldan.

**Bjørkefink** *Fringilla montifringilla*  
Vanleg og til tider talrik i trekketidene og enkelte vintrar. Skal ha blitt funnen hekkande i kommunen (Norsk Hekkefuglatlas), men dette er ikkje påvist dei seinare åra. Som hekkefugl er arten er helst knytt til bjørkeskog i indre og høgareliggjande delar av fylket.

**Grønfink** *Carduelis chloris*  
Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og kystlynghei med granplantefelt. Kan vere talrik i trekketidene. Opptre gjerne i småflokkar vinterstid og oppsøker gjerne fuglebrettet. Stand- og trekkfugl, mange trekker ut av landet til nordlege delar av Vest-Europa.

**Stillits** *Carduelis carduelis*  
Sporadisk og relativt uvanleg trekk og vintergjest. Mindre flokkar kan av og til sjåast vinterstid. M.a. 3 individ ved Eltravåg 4/1-2003 (Jostein Kjærandsen).

**Grønisisik** *Carduelis spinus*  
Vanleg hekkefugl, helst i bar og blandingskog. Stand, streif og trekkfugl, alt etter nærings-tilgangen.

**Tornirisk** *Carduelis cannabia*

Fåtalig hekkefugl knytt til ope kulturlandskap med buskar og kratt.

**Bergirisk** *Carduelis flavirostris***Nær truga (NT)****Ansv. hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl. Meir vanleg i trekk tidene, særleg om hausten. Kan også av og til sjåast i mindre flokkar vinterstid, men dei fleste trekkjer sørover til Nordsjøkystane.

**Brunsisik** *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanleg hekkefugl. Arten var tidlegare rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no blir rekna som eigen art. Brunsisiken er knytt til kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptre òg vanleg i større og mindre flokkar i trekk tidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

**Gråsisik** *Carduelis flammea*

Opptre vanleg i større og mindre flokkar i trekk tidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områdene opp mot bjørkebeltet.

**Polarsisik** *Carduelis hornemanni*

Sjelden trekk- og vintergjest som av og til blir oppdaga i flokkar av nordlege gråsisikar. Berre eit funn i Sveio, eit individ Vestvik 24/4-1982 (LRSK). Vel 20 funn i fylket.

**Bandkorsnebb** *Loxia leucoptera*

Sjelden streifgjest. Bannkorsnebben er ein invasjonsart som trekkjer ut frå dei normale hekkeområda i m.a. Russland ved dårlege frøår. Ein slik invasjon skjedde m.a. på ettersommaren og utover hausten og vinteren i 2002, då store førekomstar av bandkorsnebb vart rapportert frå fleire stader på Vestlandet. 12 individ vart rapportert frå Sveio i denne perioden (Falkenberg 2003).

**Grankorsnebb** *Loxia curvirostra*

Sannsynleg fåtalig hekkefugl i barskog. Sjåast ganske vanleg i mindre flokkar, særleg utanfor hekketida. Invasjonsart som kan opptre i større tal utanom hekketida enkelte år.

**Furukorsnebb** *Loxia pytyopsittacus*

Fåtalig hekkefugl i eldre furuskog. Skal vere vanlegare enn grankorsnebb i hekketida og det føreligg fleire hekketida funn (Tjelle mfl. 1984). Kan opptre invasjonsarta, men truleg mindre markert enn grankorsnebb.

**Rosenfink** *Carpodacus erythrinus*

Sjelden trekkgjest som er påvist ca. 30 gonger i Hordaland. Berre eit funn i Sveio, 2 ind. ved

Auklandshamn 11/8-1985 (LRSK). Arten har vandra inn til Noreg frå aust i løpet av det siste hundreåret, og finst som fåtalig, men regelmessig hekkefugl frå Agder til svenskegrensa.

**Dompap** *Pyrrhula pyrrhula*

Fåtalig hekkefugl, helst i bar- og blandingsskog. Ganske vanleg i mindre flokkar om vinteren.

**Kjernebitar** *Coccothraustes coccothraustes*

Sjelden trekkgjest, men førekjem bortimot årleg i fylket. Berre eit funn frå Sveio, 1 ind. Vestvik 19-20/4-1981 (LRSK).

**Lappspovv** *Calcarius lapponicus*

Fåtalig trekkgjest langs Hordalandskysten. Berre eitt funn frå Sveio, 1 ind. Vestvik 24/4-1982. Arten førekjem nok hyppigare enn dette eine funnet skulle tilseie. Hekkar i fjellet i vier- og dverg-bjørkregionen, m.a. på Hardangervidda.

**Snøspovv** *Plectrophenax nivalis*

Fåtalig trekk- og vintergjest. Hekkar i høg fjellet i indre delar av fylket.

**Gulspovv** *Emberiza citrinella*

Oppgitt av Tjelle mfl. (1984) som vanleg hekkefugl. Dette stemmer truleg ikkje i dag og arten må reknast som fåtalig. Arten er knytt til jordbruksområde. Trekkfugl, men ein del overvintrar, og mange stader er arten vanlegare om vinteren enn i hekketida.

**Sivspovv** *Emberiza schoeniclus*

Ganske vanleg hekkefugl ved våtmark. Registrert ved fleire av dei rike våtmarkslokalitetane i Sveio (Jacobsen 2000).

**PATTEDYR****INSEKTETARAR****Piggsvin** *Erinaceus europaeus*

Finst truleg spreidd over det meste av kommunen, gjerne i tilknytning til jordbruksområde og busette område med hagar.



Piggsvinet er mest knytt til lauvskog i nærleiken av jordbruksområde. Foto Ingvar Grastveit.



**Vanleg spissmus** *Sorex araneus*

Vanleg art, truleg utbreidd over heile kommunen. Funn frå Sveio er dokumentert ved Zoologisk Museum, Bergen.

**Dvergspissmus** *Sorex minutus*

Vanleg art, truleg utbreidd over heile kommunen. Funn frå Sveio er dokumentert ved Zoologisk museum, Bergen.

**Vannspissmus** *Neomys fodiens*

Skal vere observert i kommunen (Kalkvik 1997), men dokumentasjon manglar. Knytt til vassdrag.

**FLAGGERMUS**

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve ved universitetet i Bergen. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen mfl. 2000). Desse undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket. I Sveio er det påvist 4-5 artar.

Stormark (1996) framhevar at nord- og austsida av Sveio har fleire gode flaggermuslokalitetar i tilknytning til rik, gammal furuskog, edellauvskog og næringsrike vatn. Han peiker også på Førde, Rød og Våge som gode flaggermusområde.

Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>

**Dvergflaggermus** *Pipistrellus pygmaeus*

Sannsynleg vanleg art over store delar av kommunen. Det vart gjort tre funn under flaggermusundersøkingane i 1999 (Syvertsen mfl. 2000). Sommaren 2006 fekk fylkesmannen i Hordaland melding om store mengder flaggermus i eit eldre bustadhus i kommunen. Det var snakk om ein barselkoloni og ei teljing utført under synfaringa på ettersommaren viste at kolonien talde rundt 400 individ.

**Nordflaggermus** *Eptesicus nilssonii*

Sannsynleg vanleg art over store delar av kommunen. Det vart gjort ni funn under flaggermusundersøkingane i 1999 (Syvertsen mfl. 2000).

**Skjeggflaggermus**

*Myotis mystacinus*

Nær truga (NT)

Sannsynleg vanleg art over store delar av kommunen. Det vart gjort sju funn av skjegg- eller brandtflaggermus under flaggermusundersøkingane i 1999 (Syvertsen mfl. 2000). Skjeggflaggermus og brandtflaggermus kan berre artsbestemast ved å sjå på kjønnsorgan og tannform, men sidan brandtflaggermusa aldri er funnen i Hordaland, er det sannsynleg at funna i Sveio dreier seg om skjeggflaggermus.

**Vannflaggermus** *Myotis daubentonii*

Sannsynleg vanleg art over store delar av kommunen. Det vart gjort fire funn under flaggermusundersøkingane i 1999 (Syvertsen mfl. 2000).

**Langøyreflaggermus** *Plecotus auritus*

Stormark (1996) nemner eit sommarfunn frå Sveio utan at dette er nærmare tid- eller stadfesta. Det er i alle fall sannsynleg at arten finst i kommunen, men truleg fåtalig i forhold til dei andre registrerte artane.

**HAREDYR****Hare** *Lepus timidus*

Skal vere utbreidd over det meste av kommunen, men har vist tilbakegang sidan 1950/60-talet (Kalkvik 1997).

**GNAGARAR****Ekorn** *Sciurus vulgaris*

Ganske vanleg i dei skogkledde delane av kommunen.



Ekornet er nok ganske vanleg i skogane i Sveio. Foto Ingvar Grastveit.

**Klatremus** *Clethrionomys glareolus*

Finst sannsynleg i kommunen, men dokumentasjon manglar.

**Markmus** *Microtus agrestis*

Sannsynleg svært vanleg art over store delar av kommunen, men dokumentasjon manglar.

**Lita skogmus** *Apodemus sylvaticus*

Sannsynleg svært vanleg art over store delar av kommunen, men dokumentasjon manglar.

**Brunrotte** *Rattus norvegicus*

Finst truleg i tilknytning til jordbruksområde og busetnad, men dokumentasjon manglar. Innført art.

**ROVDYR****Raudrev** *Vulpes vulpes*

Ganske vanleg art over det meste av kommunen. Bestanden har svinga noko som følgje av reveskabb.

**Røyskatt** *Mustela ereminea*

Skal finnast i kommunen (Kalkvik 1997), men dokumentasjon manglar. Kalkvik (1997) nemner også at snømus skal vere observert i Sveio, men dette er høgst usikkert.

**Mink** *Mustela vison*

Vanleg art langs strandsoner og vassdrag over heile kommunen. Minken er opphavleg ein nord-amerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkomarar av rømte farmdyr. Lokalt kan minken tidvis vere til skade for bakkehekkande sjøfugl og andefugl.

**Oter** *Lutra lutra***Ansvarsart Sårbar (VU)**

Fanst langs heile Hordalandskysten tidlegare (for nærmare 100 år sidan), men har lenge vore borte som ynglande art. Er no på frammarsj igjen og har for lengst etablert seg i Nordhordlandskommunane. Oteren er påvist ynglande så langt sør som i Askøy kommune. Arten blir nokså jamleg observert på Sotra og det er rapportert om observasjonar både i Austevoll og Bømlo kommunar. Frå Sveio kjenner vi ikkje til tid- og stadfesta funn frå nyare tid, men dersom ekspansjonen held fram vil arten sannsynleg òg etablere seg her på sikt.

**Mår** *Martes martes*

Fåtalog art knytt til skog, helst eldre skog. Det kan sjå ut til at bestanden har auka noko dei seinare åra (Kalkvik 1997). Dette kan m.a. ha samanheng med ein tynn revebestand.

**Gaupe** *Lynx lynx***Sårbar (VU)**

Det skal ha vore observert streifdyr av gaupe i Sveio ein sjeldan gong (Kalkvik 1997), men det finst ingen stad- eller tidfesta observasjonar. I Hordaland har gaupa status som sjeldan og tilfeldig streifgjest, og yngling er ikkje påvist i fylket.

**HJORTEDYR****Hjort** *Cervus elaphus*

Hjorten er den viktigaste jaktressursen i Sveio, som i dei fleste andre kommunar på Vestlandet. I 2005 vart det felt 149 dyr i kommunen, noko som utgjer ei slaktevekt på nærmare 9 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 530 000 kr.

Hjortebestanden har lenge vore i vekst over heile Vestlandet. Bestandsveksten ser ikkje ut til å ha vore sterkt avgrensa av beitegrunnlaget, men redusert kondisjon og slaktevekter dei siste åra kan tyde på at dette er i ferd med å endre seg.



Hjortekolle. Foto: Magnus Steinsvåg.

Flere stader ser det òg ut til at veksten er i ferd med å flate ut.

Hjorteforvaltninga er ei av dei store utfordringane i viltstelsamanheng. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om ein stor bestand å drive jakt på, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar på skog og innmark.


Ei effektiv hjorteforvaltning krev utarbeiding av bestandsplanar og organisering av jakta i større vald. Utan ei slik organisering vil det vere vanskeleg å nå bestandsmåla og å utnytte den ressursen hjorten er på ein optimal måte.

**Elg** *Alces alces*


Sjeldan og sporadisk streifgjest. M.a. observert ved Hopsfjellet i 2004 (Arvid Helvik pers. medd). I Hordaland finst det ein liten elgbestand i indre delar av fylket. Sidan midten av 1990-talet har det årleg blitt felt rundt 40 dyr, fordelt på kommunane Voss, Eidfjord, Odda, Ullensvang og Ulvik.

**Rådyr** *Capreolus capreolus*

Relativt nyetablert art i Sveio, men er no ganske vanleg over store delar av kommunen (Kalkvik 1997). Elles i fylket førekjem rådyret berre sporadisk eller i små, lokale bestandar, og Sveio har truleg den største bestanden av rådyr i fylket.



**Figur 1.** Tal felte hjort og tildelte løyve i Sveio kommune den siste 20-årsperioden (1986-2005).



**Figur 2.** Innrapporterte påkøyde hjort og rådyr i Sveio 1987- 2004 ( Kjelde: Statistisk Sentralbyrå). Tal påkøyde rådyr har variert mykje, medan det for hjorten sin del har vore fleire påkøyrlar dei siste åra. Omlag 10 hjort har blitt påkøyrt årleg i Sveio dei fem siste åra. Mykje biltrafikk gjennom kommunen (E39) i kombinasjon med gode bestandar av hjortevilt, gjer at faren for kollisjonar er høg. Viktige kryssingspunkt og trekkorridorar der hjort og rådyr kryssar veg er vist på Kart 2, bak i denne rapporten. I område der kollisjonsrisikoen er særleg høg, bør ein vurdere tiltak som skilting, lysblink, viltgjerde m.v.

## 8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Av ressursmessige grunnar har ein ved denne kartlegginga berre i liten grad kunne nytta feltarbeid for kontroll og avgrensing av viltområda.

Vidare feltarbeid er nødvendig for å kontrollere av ein del innsamla opplysningar og for å danne seg eit bilde av ulike naturområde som skal vurderast. Feltarbeidet vil dessutan alltid føre med seg konkrete observasjonar som er verdfulle ved den faglege vurderinga av områda som viltområde. I ein del tilfelle vil ein òg kunne gjere nye registreringar som dannar grunnlag for nye prioriterte viltområde. Ikkje minst vil feltarbeid kunne auke presisjonen av viltopplysningane, noko som er svært viktig for å kunne drive god og presis forvaltning.

Ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det nødvendig at feltregistreringar får ein større plass i kartlegginga. Under er det foreslått nokre konkrete felt ein ønskjer meir kunnskap om.

- Vidare kartlegging i skog. Sjølv om feltarbeidet i samband med denne viltkartlegginga i første rekke vart konsentrert om skogområda for å kontrollere innkomne opplysningar, er det framleis behov for omfattande feltarbeid her. Det er ønskjeleg å få betre dokumentasjon på førekomst av spetter, storfugl og rovfuglar. Dei store skogområda i kommunen, t.d. området rundt Liervatnet, er framleis dårleg undersøkte (sjå under omtalen av dei enkelte viltområda). Mest aktuelle oppgåver knytt til skog vil, i tillegg til ein meir generell gjennomgang av områda som er dårleg dekkja, vere:
  - Nykartlegging av hekkeområde for hønsehauk (og ev. musvåk og havørn)
  - Kontroll av innrapporterte lokalitetar og nykartlegging av spellassar for storfugl. Her bør ein òg prøve å få eit mål på kor store leikane er, både når det gjelt tal fugl og utstrekning. Vidare bør det leggst opp til jamlege teljingar for å følge med på bestandsutviklinga.
  - Kartlegging av gode spettelokalitetar. I kystområda har det m.a. vist seg at ganske små,

litt eldre ospeholt kan vere viktig som hekkeplass for gråspett, sjølv om det ikkje er så store skogområde rundt.

- Våtmarkslokalitetane vart vurdert som relativt godt dokumenterte frå før. Likevel er mykje av informasjonen frå våtmarksområda av eldre dato og treng nyare dokumentasjon. I tillegg til generelle registreringar av hekke-, trekk- og vinterbestandar bør følgjande oppgåver vere aktuelle:
  - Overvaking og nykartlegging av hekke-lokalitetar for storlom
  - Kartlegging av overvintrande vannrikse ved hjelp av playback.
  - Nattsangarturar i juni for å dokumentere førekomst av fåtalige artar som rørsongar, myrsongar, myrrikse og åkerrikse
- Det er lenge sidan førekomst av hekkande sjøfuglar i Sveio har blitt undersøkt spesielt. Ei relativt grundig synfaring av holmar i kommunen bør gjennomførast år om anna.
- Det bør gjerast undersøkingar over fleire sesongar for å få eit bilde av ein eventuell hekkebestand av hubro i Sveio. Ein kjenner ikkje til at hekking er dokumentert, i alle fall ikkje i nyare tid.
- Dokumentasjon på førekomst av små pattedyr er dårleg. Følgjande oppgåver kan vere aktuelle:
  - Vidare, meir kommunedekkande kartlegging av flaggermus.
  - Skaffe betre dokumentasjon på utbreiing og førekomst av andre småpattedyr.
- Dokumentasjon på førekomst av amfibiar er nokså god i Sveio (Dolmen 1997, Strand 2006). Det er likevel ønskjeleg med ei endå meir grundig undersøking av vatn og tjørn rundt om i kommunen, særleg med tanke på storsalamander.



## 9. KONFLIKTAR MELLOM VILTET OG VÅR EIGEN NATURBRUK

### SKOGBRUK

Mange av dei fåtalige og sårbare viltartane i Sveio er knytt til skogsmiljøa og den enkelte skogeigar har eit viktig ansvar når det gjeld forvaltning av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Storfugl og hønsehauk er blant dei mest sårbare artane i denne samanhengen. Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive for skogbruket. Tilbakegangen av begge desse artane på landsbasis har først og fremst skjedd etter 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater, treslagsskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til fragmentering av leveområda. Bestandsskogbruket har òg negative konsekvensar for spettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospesholt kan òg vere eit problem. Særleg gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekkje andre holrugande fugleartar er igjen avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spettar kan difor få konsekvensar andre holrugande artar.

På Vestlandet er konfliktane skisserte ovanfor generelt mindre enn i dei flate, meir lett drivne områda på austlandet og i Trøndelag. Eigeomsforhold og bratt terreng gjer skogsdrifta mange stader vanskeleg, og store hogstflater er ikkje så vanleg. Det er likevel viktig å vere klar over problemstillinga.

Det kan ofte bli konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes økonomisk forsvarleg. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig.

Etter kvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig, og dei siste åra har skogbruket vist større interesse for å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. M.a. er det sett i gang kartlegging av lokalitetar i skog som er særleg viktige for mangfaldet av dyr og plantar (MiS – Miljøregistreringar i Skog). Dei seinare åra har fleire skogeigarar m.a. deltatt på kurs i *Levande skog standarden*. Skogeigarlaget Vest set krav om at skogsdrifta skal drivast etter denne standarden, og for å selja skog på vegne av skogeigarane, er Vestskog sertifisert av Veritas.

Under følgjer nokre omsyn som vil vere viktige både i forhold til viltinteressene og biologisk mangfald generelt (sjå også [www.levendeskog.no](http://www.levendeskog.no)):

- Eit visst minimumsareal med gammal naturskog må oppretthaldast.
- Ein bør unngå hogst i bekkeløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar med naturskog på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør ikkje hoggast. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Ta omsyn til naturleg vegetasjon og drenering langs myrar og vassdrag. Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar/bekkar og vatn.
- Ein bør sette att kantskog mot dyrka mark.
- Set att nokre store tre som får sjanse til å bli verkeleg gamle
- Sett att døde tre og store lauvtre, særleg osp, som reirtre og "spiskammers" virvellause dyr og spettar.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, som reir-område for rovfugl og leikområde for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i viktige og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndigheitene blir tatt med i planlegginga på eit tidleg stadium.

### JORDBRUK

Mange viltartar, særleg fugleartar, lever i nær tilknytning til jordbrukslandskapet, sjølv om få artar er direkte knytt til slike område. Artar som i dag kan reknast som typiske kulturlandskapsartar er åkerrikse, vipe, storspove, låvesvale, stare, skjor og gråsporv. Dei fleste andre artane i kulturlandskapet er primært knytt til kantvegetasjon og tilgrensande skog.

Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av. Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda. Særleg det småskala jordbrukslandskapet, som er vanleg på Vestlandet, er samansett av mange ulike biotopar som kan vere leveområde for ei rekkje ulike viltartar. Særleg viktig er små skogholt og kantskog langs t.d. eigedomsgrenser, bekkar og vatn.

Intensivering og mekanisering av jordbruket har mange stader ført til eit meir einsarta landskap, med dårlegare tilgang på ulike levestader. Tiltak i landbruket som kan vere negative for viltet er fjerning av kantskog og åkerholmar, lukking og kanalisering av bekkar og grøfting og oppdyrking av våtmark. Fleire av desse tiltaka er mindre aktuelle i dag, fordi det har blitt større fokus på fleirbruksomsyn. På Vestlandet gjer dessutan topografi og eigeomsforhold at dei fleste bruka har små innmarksareal. For artar som hekkar eller hentar næring på dyrka mark og beitemark, er nok tidleg slått, attgroing og nedbygging av areal som har gått ut av drift, dei største problema. Færre beitande storfe, kan truleg ha negative konsekvensar for insektetarar som låvesvale, stare og gråsporv.

Viltet på si side kan ha uønskede verknader på landbruket. Mange stader har ei veksande hjortestamme ført til auka problem med beiteskadar på skog og innmark. Det er òg tidvis konflikhtar mellom rovdyr og sauehald i enkelte område. I Sveio er kongeørn og rev dei einaste aktuelle konfliktharten i forhold til småfedrift. Til vanleg må tap som skuldast kongeørn reknast som lite, men erfaringar frå m.a. Fitjarøyane kan tyde på at kongeørna av og til kan føre til større tap blant utegangarsau. Her ser det ut til at tapsperioden er knytt til vinterhalvåret, når ungfuglar frå innlandet trekkjer ut mot kysten.

## FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Særleg i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Difor er det viktig å ta omsyn til viltet under alle former for friluftsliv. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august.

## JAKT

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsel i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året då viltet er minst sårbart for forstyrningar.

Når det gjeld småviltet har uttaket i samband med jakta under normale forhold liten verknad på bestandsutviklinga. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølv uttaket, og ved at viltet flyttar til andre område. Det er sjølv sagt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redu-

sert overleving om vinteren og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere blir difor ei avveging mellom ønsket om optimal produksjon og omfanget av beiteskadar.

Det er viktig å understreke at jakt ikkje er nødvendig for viltet eller naturen sin eigen del, men berre ut frå vårt eige ønske om optimal produksjon.

## FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, har vore eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatar som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkoneri. I Noreg er det generelt forbod mot eggssamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt i Sveio er ikkje kjent, men er truleg lite. Ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast.

## NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE

Bygging av bustadar, hytter, industri, hamneområde, vindkraftverk osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for viltet. Både ved sjølv arealinngrepet og ved auka aktivitet, ferdsel og støy. Infrastruktur i samband med slike utbyggingar, som vegar og kraftlinjer, legg òg beslag på areal og fører til fragmentering av naturområda. I framtidig arealforvaltning er det viktig at større utbyggingssområde ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka (her må ein vurdere storleik og type inngrep i kvart enkelt tilfelle).

## VEGAR

Vegbygging er ofte store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane ved vegbygging er den fragmenteringa av landskapet som dette fører med seg. Særleg større vegar, med høge vegskjeringar og stor trafikk kan representere vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som det frå før var meir tidkrevjande å nå. Dette kan føre til auka forstyrningseffekt langt utanfor sjølv vegtraséen.

Påkjørslar av vilt er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

Ved bygging av traktorveggar og skogsbilveggar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndigheitene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konflikthar.

## VASSDRAGSREGULERING

Større vassdragsreguleringar for kraftproduksjon er ikkje aktuelt i Sveio. Men regulering av vassdrag, t.d. i samband med drikkevassforsyning eller smoltproduksjon, kan òg ha uheldige verkningar på viltet. Det kan føre til oversvømming av hekkeområde og dårlegare næringstilgang gjennom uttørring av bekkar (t.d. dårlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Ein kjenner imidlertid ikkje til at slik regulering av vatn i Sveio har hatt særleg negative konsekvensar.

Vassdragsregulering i samband med drikkevassforsyning kan òg ha sine positive sider, ved at nedslagsfeltet, for å unngå forureining, blir tillagt restriksjonar på friluftaktivitetar og bygging.

## KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsfuglar, reknar ein på landsbasis med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspenlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppene. Men også større høgspenlinjer er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og ugler er òg utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidningar eller ledning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønsheauk, men hubroen er særleg utsett. Problemet kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linjetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom

det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikkje leggest i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spellassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

## AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt\*.

Små, private avfallsplassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortekjatta kan vere med å oppretthalde kunstig høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

\*Om kråkefuglane verkeleg spelar ei viktig rolle når det gjeld regulering av skogshønsbestandane er tvilsamt. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårtyr til saman. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsheauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

## FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

Oppdretts- og akvakulturanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konflikthar i forhold til viltinteressene. Oppdrettsanlegg kan ha direkte forstyrringseffekt, og plassering av anlegget nær kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konflikthar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er storskarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak) og ærfugl (som et blåskjel).

Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndigheitene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflikthar.

## 10. LITTERATUR

- Anon. 1990. Ornitologiske observasjoner 1989. Krompen 19 (1): 17-24.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkende sjøfugl i Hordaland 1980-1998. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Byrkjeland, S. 2005. Status for nokre sjøfuglartar i Hordaland i 2005. Fylkesmannen i Hordaland: <http://www.miljostatus.no/hordaland/>
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Dolmen, D. 1997. Herpetologisk statusrapport for Hordaland fylke (1996). Utbredelsen av amfibier. NTNU, Vitenskapsmus., Zool. notat 1997-3. 27 s.
- Erdalsdal, J. 1994. Miljø- og naturressursprogram for Sveio kommune. Rådmannen. 50 s + vedlegg.
- Falkenberg, F. 1999. Fugler i Hordaland 1998. Krompen 28: 66-87.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. Krompen 29: 73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. Krompen 30: 74-105.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. Krompen 31 (3): 94-119.
- Falkenberg, F. 2003a. Fugler i Hordaland 2002. Krompen 32: 131-156.
- Falkenberg, F. 2003b. Invasjon av båndkorsnebb høsten 2003. Krompen 32 (2): 157-160.
- Falkenberg, F. 2004. Fugler i Hordaland 2003. Krompen 33: 96-117.
- Falkenberg, F., Fredriksen, M., Kjærandsen, J. & Nydal Adolfsen, E. 2006. Fugler i Hordaland 2005. Fuglar i Hordaland 35: 96-123.
- Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke. Rapport. 111 s.
- Helland-Hansen, W. 2005. m.fl. Naturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen Museum.
- Håland, A. Ugelvik, M. og Jacobsen, O. W. 1984. Canadagåsa ekspanderer i Sveio. Krompen 13: 34-35.
- Jacobsen, O. W. 1985. Forekomst og bestandsøkning av sivspurv *Emeriza schoeniclus* i Sveio i perioden 1980-1985. Krompen 14 (4): 160-165.
- Jacobsen, O. W. 1993. Kartlegging av orrfugl i Sveio kommune, Hordaland. Intern rapport til Fylkesmannens miljøvernadvdeling i Hordaland.
- Jacobsen, O. W. 2000. Fugler i Sveio. Kultur og Natur i Sveio. Hefte 2. Sveio kommune. 37 s.
- Jacobsen, O. W., Bjørkevoll, I. & Steinsland, T. 1991. Lappfiskand *Mergus albellus* (L.) – ny art for Sveio. Krompen 20 (3): 83-84.
- Jacobsen, O. W., Håland, A. & Ugelvik, M. 1984. Trostesanger *Acrocephalus arundinaceus* observert i Sveio. Krompen 13 (1): 32-33.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Kalkvik, I. 1997. Dyrelivet i Sveio kommune, Hordaland. Førrebels status etter gjennomgang av ein del litteratur. Intern rapport for Sveio kommune og fylkesmannen i Hordaland.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Kjærandsen, J. 2003. Sveio eit våtmarkseldorado. Krompen nr 1. 2003. S. 44.
- Kålås, J. A. 1981. Årsberetning fra LRSK-Hordaland 1980. Krompen 10 (1): 36-38.
- Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006. Artsdatabanken, Norway.
- Nilsen, F. 1983. Hjartholmen – fugleøya i Sveio. Krompen 12 (2): 70-73.
- Nilsen, F. (red.) 1985. Ornitologiske observasjoner frå Sveio 1984. Krompen 14 (1): 15-16.
- Osaland, O. M. 1985. Ornitologiske observasjoner 1984. Krompen 14 (2): 60-74.
- Osaland, O. M. 1986. Ornitologiske observasjoner 1985. Krompen 15 (2): 50-63.
- Osaland, O. M. 1987. Fugleobservasjoner frå Hordaland 1986. Krompen 16 (3): 138-153.
- Osaland, O. M. 1988. Ornitologiske observasjoner 1987. Krompen 17 (2): 48-65.
- Osaland, O. M. 1989. Ornitologiske observasjoner 1988. Krompen 18 (2): 66-86.
- Selås, V., Smedshaug, C. A., Lund, S. E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedshaug, C. A. og Sonerud, G. A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Steinsvåg, M. J. 2002. Kartlegging av hekkestadar for hønehaug (*Accipiter gentilis*) i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2-2002: 21 s. + vedlegg.
- Stormark, T. A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K. M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.
- Storstein, B. 1980a. Forekomsten av kjerrangere i Sveio. Krompen 9 (4): 190-192.
- Storstein, B. 1980b. Horndykkeren som hekkefugl i Sveio i 1979 og -80. Krompen 9 (4): 193.
- Strand, L. Å. 2006. Registrering av amfibier i Sveio med tanke på mulig anleggelse av "salamanderpark" i Sveio sentrum. Notat. 16 s.
- Syvertsen, P. O., Isaksen, K., Olsen, K. M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2001. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Sætersdal, M. 1984. Rapport fra LRSK for 1983. Krompen 13: 111-113.
- Tjelle, E. & Kjærandsen, J. 1981. Vinterfugl i Førde i Sveio. Krompen 10 (3): 141-150.
- Tjelle, E., Nilsen, F., Kjærandsen, J. & Eikehaugen, E. U. 1984. Fuglefaunaen i Sveio. Krompen 13 (1): 7-21.





## VEDLEGG I. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gi ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Sveio. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i forekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekost
D påvist yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynleg yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Gruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibiar	3	0	0	0	3
Krypdyr	3	0	0	0	3
Fuglar	99	10	7	105	221
Pattedyr	14	3	3	1	21
<b>Totalt</b>	<b>20</b>	<b>13</b>	<b>10</b>	<b>106</b>	<b>248</b>

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haut	Vinter
<b>AMFIBIUM</b>						
Stor salamander	<i>Triturus cristatus</i>	D	X	X	X	dvale
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	XX	XX	XX	dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	dvale
<b>KRYPDYR</b>						
Firfisle	<i>Lacerta vivipara</i>	D	X	X	X	dvale
Stålorm	<i>Anguis fragilis</i>	D	X	X	X	dvale
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	dvale
<b>FUGLAR</b>						
<b>LOMMAR</b>						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	O	X		X	(xx)
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	D	X	3 par	X	
Islom	<i>Gavia immer</i>	O				(x)
<b>DYKKARAR</b>						
Dvergdykker	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Toppdykker	<i>Podiceps cristatus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Gråstrupedykker	<i>Podiceps grisegena</i>	O				(xx)
Hornedykker	<i>Podiceps auritus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
<b>STORMFUGLAR</b>						
Havhest	<i>Fulmarus glacialis</i>	O	X	X	X	X
Havlire	<i>Puffinus puffinus</i>	O	(x)			
Havsvale	<i>Hydrobates pelagicus</i>	O				(x)
<b>PELIKANFUGLAR</b>						
Havsule	<i>Morus bassanus</i>	O	X	(xx)	X	X
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	XX	(xx)	XX	XX
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O	X	X	X	X
<b>STORKEFUGLAR</b>						
Egretthegre	<i>Egretta alba</i>	O	(x)			
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	60-80 par	X	X

Stork	<i>Ciconia ciconia</i>	O	(x)			
			Førekost			
Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>ANDEFUGLAR</b>						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O	X	1-2 par	X	(xx)
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O			(x)	(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	XX	X	XX	(xx)
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	X	X	X
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O	(x)			
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	D	X	X	X	
Snadderand	<i>Anas strepera</i>	O		(x)		
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	XX	XX	XX	
Stökkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	O	(x)			
Skeiand	<i>Anas clypeata</i>	O	(x)	(x)		
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	D	XX	X	XX	XX
Ringand x toppand	<i>A. collaris x A. fuligula</i>					(x)
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	D	XX	XX	XX	XX
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	X		X	X
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	X	(xx)	X	X
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	X	(xx)	X	X
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	XX	(xx)	XX	XX
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	XX	XX	XX	XX
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
<b>ROVFUGLAR</b>						
Glente	<i>Milvus milvus</i>	O		(x)		
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	X	X	X	X
Sivhauk	<i>Circus aeruginosus</i>	O	(xx)	(xx)		
Myrhauk	<i>Circus cyaneus</i>	O			(x)	
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	X	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	C	X	X	X	X
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	O	X		X	
Kongørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O		(x)	(x)	
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	B	X	X	X	(xx)
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	B	X	X	X	(xx)
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	O	X	X	X	X
<b>HØNSEFUGLAR</b>						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	O	(x)		(x)	
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Fasan	<i>Phasianus colchicus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>TRANEFUGLAR</b>						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	B	X	X	X	X
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	B		(xx)		
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	C*	(xx)	(xx)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>VADEFUGLAR</b>						
Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	D	XX	XX	XX	
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O	(x)		X	

Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	X	X	X	
Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Tundralo	<i>Pluvialis squatarola</i>	O			X	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X	X	
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O			X	
Sandløpar	<i>Calidris alba</i>	O			(x)	
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			X	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	O			(x)	
Tundrasnipe	<i>Calidris ferruginea</i>	O			X	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	O	X	(xx)	X	X
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O	(xx)		X	
Fjellmyrløpar	<i>Limicola falcinellus</i>	O			(x)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O			X	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyptes minimus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	XX	XX	XX	X
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	X	X	X	X
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O	(xx)		X	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	O	X		(x)	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	X	X	X	
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O		(x)	(x)	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	X		X	
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	O		(xx)	(xx)	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	(x)			
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
Steinvendar	<i>Arenaria interpres</i>	B	X	X	X	

#### JOAR, MÅSAR OG TERNER

Polarjo	<i>Stercorarius pomarinus</i>	O			(x)	
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	D*	X	X	X	
Storjo	<i>Stercorarius skua</i>	O	(x)		(x)	
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	D	X	X	X	X
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	X	X	X	X
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Polarmåse	<i>Larus hyerboreus</i>	O			(xx)	(xx)
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	D	XX	X	XX	XX
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O	X		X	X
Splitterne	<i>Sterna sandvicensis</i>	O		(x)		
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	XX	XX	XX	XX
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D	XX	XX	XX	XX

#### ALKEFUGLAR

Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O	X	X	X	X
Alke	<i>Alca torda</i>	O	X	(xx)	X	X
Teist	<i>Cepphus grylle</i>	D	X	X	X	X
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O	X		X	X
Lunde	<i>Fratercula arctica</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

#### DUER

Bydue	<i>Columba livia</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Skogdue	<i>Columba oenas</i>	O	(x)	(x)	(x)	
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	X	X	X	X
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O		(x)		

#### GAUKEFUGLAR

Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	X
------	------------------------	---	---	---	---	---

#### UGLER

Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D	X	X	X	X
-------	------------------	---	---	---	---	---



Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(xx)	(xx)
		Førekomst				
Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Vår	Sommar	Haust	Vinter
Sporveugle	<i>Glaucidium passerinum</i>	O				(x)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	X	X	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	D*		(x)		
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>NATTRAVNAR</b>						
Nattravn	<i>Caprimulgus europaeus</i>	O			(x)	
<b>SEGLARAR</b>						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	B		X		
<b>RÅKEFUGLAR</b>						
Isfugl	<i>Alcedo atthis</i>	O			(x)	
Bieter	<i>Merops apiaster</i>	O		(x)		
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
<b>SPETTEFUGLAR</b>						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Svartspett	<i>Dryocopus martius</i>	O	(x)			
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	C	(xx)	(xx)	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	C	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	C	X	X	X	X
Tretåspett	<i>Picoides tridactylus</i>	O	(x)			
<b>SPORVEFUGLAR</b>						
Topplerke	<i>Galerida cristata</i>	O			(x)	
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	X	X	X	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D	X	X	X	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	XX	XX	XX	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	X	X	
Trepipplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XX	XX	
Heipipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Skjærpipplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D	X	X	X	X
Gulerle	<i>Motacilla flava thunbergii</i>	O	(x)			
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	O			(x)	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>		(xx)	(xx)	(xx)	
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O	X		X	X
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	X	X	X
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Blåstjert	<i>Tarsiger cyanurus</i>	O			(x)	
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	C	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Svartstrupe	<i>Saxicola torquata</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	XX	XX	XX	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	X
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XX	XX	XX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	O			(x)	
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	O	(x)	(x)		
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	D	X	X	X	
Myrsongar	<i>Acrocephalus palustris</i>	O			(x)	

Røyrsongar	<i>Acrocephalus scirpaceus</i>	D	X	X	X	
		Førekost				
Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Vår	Sommar	Haut	Vinter
Trastesongar	<i>Acrocephalus arundinaceus</i>	O		(x)		
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	D	X	X	X	
Hauksongar	<i>Sylvia nisoria</i>	O		(x)		
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	XX	XX	XX	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	D	XX	XX	XX	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	
Gulbrynsongar	<i>Phylloscopus inornatus</i>	O			(x)	
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O	(x)	(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	X	X	X	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	XX	XX	XX	
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	X	X	X	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Pirol	<i>Oriolus oriolus</i>	O	(x)			
Tornskate	<i>Lanius collurio</i>	D	(x)	(x)	(x)	
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	D		(x)	(x)	
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O	X	X	X	X
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O	(xx)		(xx)	
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Ramn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	D	X	X	X	X
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	X	X	X	(xx)
Grønfinnk	<i>Carduelis chloris</i>	D	X	X	X	XX
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O				(xx)
Grønssisk	<i>Carduelis spinus</i>	D	X	X	X	X
Tornirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	D	X	X	X	X
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	X	X	X	X
Brunsisisk	<i>Carduelis cabaret</i>	C	XX	XX	XX	X
Gråsisisk	<i>Carduelis flammea</i>	O	X		X	X
Polarsisisk	<i>Carduelis hornemanni</i>	O	(x)			
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O			(xx)	(xx)
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	C	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	X	X	X	X
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	O			(x)	
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Kjernebitar	<i>Coccothraustes</i>	O				(x)
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	O	(x)			
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	X	X	X	X
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>PATTEDYR</b>						
<b>INSEKTETARAR</b>						
Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	X	X	X	X
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
<b>FLAGGERMUS</b>						
Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	D	XX	XX	XX	trekk/dvale
Skjeggflaggermus	<i>Myotis mystacinus</i>	D	X	X	X	trekk/dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	D	XX	XX	XX	dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	D	XX	XX	XX	trekk/dvale
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	B	X	X	X	trekk/dvale
<b>ROVDYR</b>						
Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	XX	XX	XX	XX
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	B	X	X	X	X
Mår	<i>Martes martes</i>	D	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>HJORTEDYR</b>						
Elg	<i>Alces alces</i>	O			(x)	
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Rådyr	<i>Capreolus capreolus</i>	D	X	X	X	X
<b>HAREDYR</b>						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	X	X	X	X
<b>GNAGARAR</b>						
Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	X	X	X	X
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	C	X	X	X	X
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	?				

## VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unnateke offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre kartet over prioriterte viltområde vedlagt.

Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte truga og sårbare artar) og dei større prioriterte viltområda som først og fremst er anbefalte forvaltingsområde og ikkje reine artsfakta, er opplysningane allment tilgjenge i Naturbasen: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)






# Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Lauvskog
- Bar- og blandingskog
- Jordbruksareal



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)








## Kart 2. Viktige viltområde

-  A - svært viktig
-  B - viktig
-  Trekkveg for hjort
-  Naturresevat



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)









ISBN-13: 978-82-8060-059-2  
ISSN: 0804-6387